



UiT Noregs arktiske universitet

Det helsevitenskapelige fakultet

Ferdråd

På topptur

Runar Hellerud

Masteroppgåve i idrettvitenskap IDR 3901-1 22H Mai 2023

Abstract

This paper investigates how the use of ferdråd* (journey council) can prevent negative influence from human factors on risk management, in a setting of backcountry skiing, Ferdråd is widely used in a variety of different outdoor activities in Norway, and it's also used in some of the avalanche literature. However, little research has been conducted on the use of ferdråd in a backcountry ski setting, and as to ferdråds role in preventing negative effects from human factors. This paper therefore investigates the main research question:

How does backcountry enthusiasts use ferdåd in order to identify and hinder negative influence from human factors?

And the following secondary research question

How does backcountry enthusiast learn about ferdråd?

The term “*ferdråd in a backcountry setting*” is described in the theory chapter, where also the human factors and a short description and analytical assessment in backcountry skiing is presented. The results in this paper stem from seven interviews with backcountry enthusiasts. Analysis of the interviews gives the following conclusion:

The results show a variety between informants on how well they know about ferdråd, which in turn effects how ferdråd is conducted in the backcountry. However, when informants have experienced something negative in the past they try to learn from these experiences and prevent that something similar will happen again in the future. These negative experiences often are a cause-effect of human factor. In order to prevent these negative effects from reoccurring, the informants often use different parts associated to ferdråd. The results therefore show that informants use ferdåd in order to not make the same human factor driven mistake again.

Samandrag

Denne oppgåva undersøker korleis bruk av ferdråd kan motvirke negativ innflyting av menneskelege faktorar på topptur. Ferdråd blir brukt i mange ulike friluftslivaktivitetar, og blir kort skildra i nokre skredbøker. Derimot er det tidelgare gjort lite forskingsarbeid knytt til bruk av ferdråd i topptursetting, og ferdråd sin rolle for å motvirke negativ innflyting av menneskelege faktorar. Oppgåva undersøker difor følgande hovudproblemstilling:

Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar?

Og underproblemstilling:

Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?

I teoridelen blir friluftslivsomgrepet ferdråd gjort greie for i ein topptursetting, innhald og avgrensing knytt til menneskelege faktorar og ein kort beskriving av analytisk vurdering presentert. Datagrunnlaget stammar frå sju semistrukturerte intervju med toppturentusiastar. Analysen gir følgande resultat:

Resultata viser at informantane i varierende grad kjenner til omgrepet ferdråd, noko som truleg er med å påverke bruk av ferdråd på topptur. Men når informantane opplev ei uønskt hending på topptur prøvar dei å lære frå sine feil og implementera måtar å motvirke liknande situasjonar. Ofte er desse uønska hendingane eit resultat av menneskelege faktorar. Måten informantane lærer å motvirke den negative effekten av menneskelege faktorane er i stor grad tilsvarande med element som er tilsvarande med ferdråd. Resultata viser at mine informantar brukar ferdråd for å ikkje gjenta at den same menneskelege faktoren påverkar val på topptur igjen.

Forord

Gjennom friluftstudiet i Alta fekk eg mange gode vener som var med på å gjere studiekvardagen spennande. Og felles med mange var gleda av å gå på topptur. Vi vart ein god gjeng som for det meste gjekk saman med kvarandre. Gruppedynamikken var alltid fintona frå parkeringsplassen, og det opplevdes som at alle var samstemde om at vi ville ha ein fin og trygg tur kvar gong. Og var vi i tvil så var vi ikkje i tvil - Då heldt vi oss på avstand frå skredfarleg terreng.

Så ein dag skulle vi på topptur med to personar vi aldri hadde vore ute med tidlegare. Vi møttest på parkeringsplassen, og ein i gjengen spurde i plenum kvar vi planla å legge opp ruta. Då kom det frå ein av våre nye turkameratar; OPP! OPP! OPP! Det satte standarden for dagen. Diskusjonar og vurderingar av skredrisiko vart kasta ut vindauget. Vi skulle opp. Omsider begynte vi å krysse under eit enkeltheng som kunne være skredfarleg, og som hadde litt tvitydig snødekke. Etter å ha innsett at heile turfølget ville bli eksponert samstundes, valde eg å heva stemma og sette spørsmålsteikn ved å fortsette. Mine vanlege turkameratar sa seg raskt semde og vi etablerte avstand mellom oss, og for første gong på turen ytra vi nokre korte vurderingar om snødekket. Våre to nye turkameratar valde å fortsette i eige tempo, vel vitande om diskusjonen som pågjekk blant oss som stod igjen. Kanskje hadde dei gjort egne vurderingar, eller hadde dei berre større risikoaksept? Interessen for ein felles dialog framstod som fråværande. Dei skulle opp.

I etterkant fann vi ut at alle i den vante gruppa hadde vurdert snødekket som stabilt, men at det kjentest mindre sikkert å gå der utan å diskutere med gruppa. For kva er poenget med å gå i ei gruppe dersom skredvurdingar berre skal skje på individnivå? Tidlegare hadde vi vore suverene på å fremje og diskutere skredproblematikken medan vi var ute. Men sjølv om det gjekk bra, og snødekket truleg var stabilt, så irriterte det meg at eg og vennane mine let oss bli så lett bli påverka av våre nye turkameratar. Men med nye tilskot endra fokuset seg til noko vi ikkje var forberedt på. Dette var med på å vekke min interesse for menneskelege faktorar og vurderingar på topptur.

Takk til vegleder Carsten Grade Rolland for god hjelp med oppgåva

Og ein stor takk til mine søsken for korrekturlesing

Innholdsfortegnelse

Innleiing	7
Tidlegare forskning	8
Definisjonar	9
Teori	10
Terreng	10
Analytisk vurdering av snøstabilitet.....	11
Menneskelege faktorar	13
Familiarity	14
Acceptance	14
Commitment.....	14
Expert	15
Tracks	15
Social proof	15
Meir enn berre FACETS	15
Ferdråd	16
Læring i friluftsliv	18
Metode.....	18
Metodisk bakteppe	19
Kvalitativ metode	19
Intervju som metode.....	20
Informantane	21
Intervjuguide	22
Det digitale intervju.....	23
Transkribering	24
Kategorisering og analyse	24

NSD og personvern	25
Reliabilitet og validitet	26
Resultat og Diskusjon.....	26
Bruk av ferdråd.....	27
Varierende kjennskap og bruk av ferdråd	27
Utfordringar knytt til ferdråd.....	29
Viktigheita av ferdråd.....	31
Induktiv og deduktiv læring om ferdråd	34
Effekten ferdråd har på menneskelege faktorar	40
FACETS	40
Meir enn berre FACETS	57
Avslutning	66
Referanseliste	69
Vedlegg	72

Innleiing

Eg har alltid vore glad i å gå på topptur, og har kost meg mykje i trygt terreng. Dei første åra gjekk eg for det meste utanom skredterreng og gjekk ofte på dei same fjella. Og har kost meg mykje i trygt terreng. Men etterkvart vart det meir interessant å gå på nye fjell. Men utan kompetanse til å vurdere stabiliteten kunne ein ikkje tillate seg å gå på alle fjella ein ønskte. Derimot vaks ønsket om å lære meir. Når eg då gjennom friluftslivstudiet møtte mange i klassa med same interesse og ønske om å lære kunne ein begynne å gå meir inn i skredterreng. Samtidig vart eg introdusert for omgrepet menneskelege faktorar. Eg begynte då å legge merke til korleis menneskelege faktorar påverkar våre val. Kvar sesong førte til nye observasjonar og læring om korleis ulike menneskelege faktorar påverka vurderingane våre. Også på skredinstruktørkurs opplevde eg at fleire menneskelege faktorar påverka våre val. I tillegg har omgrepet ferdråd festa seg gjennom friluftslivstudiet. På topptur har felles turplanlegging, samlingar undervegs og dialog der alle skal delta, vore ein fornuftig måte å ta vurderingar på. Og i møte med menneskelege faktorar har dette også vore ein måte fange opp når vurderingane blir tatt på dårleg grunnlag.

Det kan vere vanskeleg å ta gode val på topptur. Å vurdere snøstabiliteten krev ein del kunnskap, og ofte må ein og ta val basert på lite informasjon. I tillegg fortel Tremper (2018) at skredvurderingar er eit vanskeleg læringsmiljø der ein får lite tilbakemelding på vala ein gjer. Samtidig er konsekvensen stor. Horgen (2021) fortel at mellom sesongen 2001/2002 til 2019/2020 omkom 72 personar i snøskred i Noreg. Som følge av dette kan uhell skje som eit resultat av menneskelege faktorar. Desse brukar tidlegare erfaringar og enkle analysar (Johnson et al., 2020). Problemet er at ein ikkje tar føre snøstabiliteten, og kan difor føre til at ein blir tatt av skred.

Ferdråd blir brukt i ulike friluftslivsaktivitetar. Faarlund (2015) fortel at ein bør samlast til ferdråd for å bli einige om ein felles turplan og mål med turen. Dette sørger for at gruppa er einige om kor turen skal gå. Brattlien (2021) oppmodar til bruk av ferdråd også på topptur, og fortel at grupper som diskutera skredproblemet sjeldnare blir tatt av skred.

På grunn av min interesse for topptur, menneskelege faktorar og ferdråd førte det fram til denne masteroppgåva. Med mål om å gi innsikt og ny kunnskap om ferdråd sin eigenskapar kan hindre negativ innflyting av menneskelege faktorar på topptur. Med dette som bakteppe formulerte eg følgjande problemstilling:

Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar?

Og underproblemstilling:

Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?

I denne oppgåva er *toppturentusiastar* folk som går på topptur med randonée eller telemarkski, og som ikkje arbeidar fulltid som guide/instruktør i skredterreng.

Bruk av McCammon (2004) sine menneskelege faktorar FACETS møter nokre utfordringar knytt til bruk som teoretisk rammeverk. Difor får dei menneskelege faktorane ein betyding utover dei originale FACETS. Dette blir forklart meir i teorikapittelet.

For å kunne svare på problemstillinga har eg hatt intervju med sju informantar med ulik erfaringsnivå. Dette har gitt eit datamateriale om bruk av ferdråd og erfaringar med menneskelege faktorar i ein topptursetting. Første del er eit teorikapittel, her beskriv eg analytisk vurdering av snøstabilitet, ulike menneskelege faktorar og ferdråd. Dette vil vere med å berike resultata frå intervju. Deretter ønsker eg å presentere metodiske og praktiske forhold som har blitt gjort i arbeidet i metodekapittelet . Før eg til slutt drøftar datamaterialet opp mot teori i resultatkapittelet. Og til slutt vil eg ha ein kort oppsummering av funn i denne oppgåva.

Tidlegare forskning

Mykje forskning er blitt gjort knytt til menneskelege faktorar etter McCammon (2004) utvikla akronymet FACETS. Zajchowski et al. (2016) fortel at sidan utviklinga av akronymet har det blitt det dominerande teoretiske rammeverket knytt til menneskelege faktorar i topptursetting i media, vitskap og undervisning. To masteroppgåver (Benna, 2016; Berget; 2012) har tatt for seg menneskelege faktorar sin rolle til ulykker og nestenulykker på topptur. Butler (2021) har undersøkt korleis folk med meir skredkurs er mindre påverka av menneskelege faktorar og tar betre slutningar på topptur. Hendrix et al. (2022) har funne ut at skredeksperter brukar argumentasjon knytt til snødekket sine eigenskapar når dei tar val på topptur, og på denne måten er mindre påverka av menneskelege faktorar. Landrø et al. (2020) identifiserte 53 faktorar som påverkar ferdsel på topptur.

Sjølv om akronymet FACETS har blitt dominerande på fleire arena peikar Johnson et al. (2020) på at eit forbettringspotensiale. I forskingsarbeidet til Zweifel & Haegeli (2014)

identifisera dei fleire menneskelege faktorar utover dei som blir nemnd i FACETS. Samtidig viser artikkelen til Shooter & Schumann (2010) at dei fleste av dei menneskelege faktorane i FACETS akronymet er med på å påverke våre val på topptur.

Ferdråd er eit etablert omgrep innan fleire friluftslivsaktivitetar og blir beskriven av Faarlund (2015), Horgen (2010) og Tordsson (2006). I norsk skredlitteratur er omgrepet også kort skildra som eit verktøy for planlegging og diskusjon (Brattlien, 2021; Nes, 2022). Derimot er det lite forskingsarbeid knytt til bruk av ferdråd i topptursamanheng. Skjøstad (2014) undersøker korleis erfaring påverkar planleggingsfasen for skiferdsel i skredterreng. Mikalsen & Robertson (2016) undersøker i sin bacheloroppgåve korleis tindeveglearar brukar ferdråd på topptur. Derimot er det ingen forskning til min kunnskap som tar for seg ferdråd sin påverknad på menneskelege faktorar på topptur. Denne oppgåva har som mål å kunne berike dette temaet.

Definisjonar

Enkelte ord som blir brukt i oppgåva blir forklart her. Andre omgrep som krev meir forklaring og er i større bruk i gjennom oppgåve blir forklart i teorikapittelet.

Skredfare

Aven (2022) fortel at fare er ein kjelde til risiko. På topptur er det skredfare alle plassar der det potensielt kan gå skred. Så lenge eit snødekt heng er bratt nok til at det kan gå skred vil det alltid utgjere ein skredfare.

Skredrisiko

Risiko er potensialet for at ein uønskt hending med negative konsekvensar kan skje i framtida (Aven, 2023). Når ein vurderer skredrisikoen på topptur vurderer ein brattheit, snøstabilitet og konsekvens av eit skred.

Kritiske punkt

Eit kritisk punkt er ein plass som krev ei vurdering før ein kan fortsette (Tremper, 2018). Viss ein må gå inn i skredterreng for å fortsette ein tur vil dette vere eit kritisk punkt.

Brattleikskart

Eit kart der terrenget som er bratt nok til at skred kan lausne er markert. Nokre brattleikskart markera også utløpsområde.

Varsom

Varsom er den norske nettsida og applikasjonen der ein kan lese skredvarselet.

Teori

I dette kapitlet blir teorigrunnlag som er relevant for å kunne svare på hovudproblemstillinga og underproblemstillinga presentert. Dette vil gi moglegheit for å vise teorigrunnlaget bak oppgåva og eit samanlikningsgrunnlag med resultatane.

Terreng

Ein av dei faktorane som endra seg minst er terreng. Dette gjer denne faktoren til den enklaste å forholde seg til. På bakgrunn av dette hevdar Bruce Tremper i *Staying alive in avalanche terrain* (2018) at terreng er den faktoren ein må lære seg kjenne igjen og beherske først når ein skal ferdist i nærleiken av skredterreng. Ved å kjenne igjen skredterreng kan ein velje trygge toppturar og dermed unngå negativ konsekvens frå menneskelege faktorar. Alt som er over 30 grader blir rekna som lausneområde (Tremper, 2018). Og utløpsområdet er alt skredet kan nå dersom det skulle lausne. I tillegg er må skred ofte over 5 meter i høgda og vere samanhengande snødekke på over 100m² for å kunne bli store nok skred til å kunne gravleggje eit menneske (NVE, 2015). Mykje av ferdsel på topptur handlar difor om å kjenne att og unngå skredterreng, på denne måten kan ein halde seg trygg (Tremper, 2018). Ferdsel i skredterreng bør ta sikte på å redusere talet på personar som blir eksponert på same tid, eksponeringstid og eventuell konsekvens av eit skred. Dette blir ofte gjort med avlastningsavstand når ein nærmar seg skredterreng og at berre ein og ein blir eksponert for eit heng om gangen. I tillegg kan ankerpunkt, terrengets formasjon, gunstige formasjonar og terrengefeller vere med på å påverke sannsynet eller konsekvensen av eit skred. Ved å kjenne igjen og unngå skredterreng kan ein som gruppe på topptur halde seg trygg. Og på denne måten vere sikker på at menneskelege faktorar ikkje fører til ulykker. Mange toppturgrupper samlast i ferdråd for å bli samde om korleis ein leggje opp ei rute i trygt terreng.

Analytisk vurdering av snøstabilitet

Ein analytisk vurdering er ein heilskapleg vurdering av ein rekke faktorar og observasjonar. Landrø (2021) fortel at på topptur må ein vurdere og revurder samspelet mellom faktorar som påverkar skredrisikoen. Ut frå dette kan ein komme med argument for kvifor ein vurderer at snødekket er stabilt. Ein analytisk måte å vurdere snøstabilitet er den måten som blir brukt av dei fleste skredexpertar (Landrø et al., 2020). Dette kan potensielt vere avansert for vanlege toppturentusiastar som ikkje har like mykje erfaring og kunnskap (Brattlien, 2021). Men ved å bruke ein analytisk vurdering som grunnlag for val kan ein unngå at menneskelege faktorar fører til ulykker.

Det finns to ulike skredtypar; laussnøskred og flakskred (Tremper, 2018). Begge kan komme som tørre eller våte skred. Eit laussnøskred startar i eit punkt og blir gradvis større og får dermed ein dråpefasong. Denne type skred blir til når snøen ikkje er bunden. Som skikøyrar kan man ofte unngå å bli tatt ved å bevege seg mot ei side medan ein køyrer nedover. Desse blir ofte kalla sluffs. For å danne eit flakskred trengs ei glideflate, eit svakt lag og bunden snø over det svake laget. Bruce Tremper (2018) fortel i *Staying alive in avalanche terrain* at viss ein ønsker å vurdere snøstabiliteten er det eigenskapar med det svake laget og snøen ovanfor ein pleier å undersøke. Feilaktig trur mange at snødekket er stabilt viss det er tynt, men dette stemmer ikkje (Brattlien, 2017).

Før ein går ut på topptur kan ein få ein forventning til kva ein kan møte ved å sjå på skredvarselet. Her får ein oppgitt skredproblemet, utbreiing, forventa skredstørrelse og meir informasjon. Når ein då kjem ut på tur kan ein då samanlikne forventningane skredvarselet gav mot det ein observera. Dette kan gi informasjon om lokale forhold. Eksempelvis kan vindretning og dermed fokksnøproblematikken være ulik i dalane og på fjelltoppane.

Dominerande vindretning kan gjere at enkelte heng oftare lasta med vindtransportert snø og dermed meir skredutsett (Tremper, 2018). I tillegg kan skredvarselet fortelje oss noko om snøforhold på plassar vi ikkje ser. Enten kan dette vere i høgda eller på baksida av eit fjell.

Når ein er ute på topptur er det mange faktorar som er med å påverke snøstabiliteten, og mange måtar å undersøke dei på. Landrø et al., (2020) identifiserte 53 faktorar ekspertar brukar medan dei vurderer ferdsel på topptur. Av desse er det rundt 24 faktorar som handlar om snøen sine eigenskapar. Medan ein går oppover prøvar ein å bruke dei ulike sansane for å få ein betre forståing av snødekket (Landrø et al., 2020). Ein kjenner etter korleis snøen følast ut under skia og korleis lagdeling i snøen endrar fastheit nedover i snødekket. Ein lyttar etter

drønn, og ser på korleis snøen sprekk opp rundt skia. Ofte må ein oppsøke testheng eller andre trygge plassar der ein kan få fram resultat. Målet er å bli kjent med snødekket og prøve å få ein forståing av stabiliteten. I tillegg til korleis snøen kjennes ut er det enkelte fareteikn ein spesielt er på utkikk etter: ferske skred, drønn, skyande sprekkar, store snøfall, rask temperaturstigning, vindtransportert snø, mykje vatn i snøen, ferske glidesprekkar (Tremper, 2018).

I tillegg vel enkelte å grave i snøen for å bli betre kjent med snøen sine eigenskapar. Her er det mange ulike testar ein kan velgje mellom: CT, ECT, Rutsjeblokk, spadeprøve, liten blokktest med meir. Testane kan fortelje litt om kor sannsynet at eit skred kan gå. Og enkelte av testane kan også fortelje noko om skredets forplantningsevne. Vidare ynskjer ein å vurdere ulike eigenskapar knytt til det svake laget og den overliggande snøen. NVE (2015) nyttar fem ulike faktorar ved systematisk snødekkeundersøking: Om eit brot går lett og glatt, tjukkelsen på det svake laget, størrelsen på snøkorna i det svake laget, avstand ned til svakt lag og fastleik på den overliggande snøen. Samtidig er det viktig å hugse på at resultatata ein får på testane ikkje nødvendigvis vil vere representative for der ein har tenkt til å stå på ski (Tremper, 2018). Vidare fortel Tremper at stabile testresultat ikkje alltid betyr stabile forhold. Dette kjem av at snødekket har lokale variasjonar.

Ut frå skredvarsel, eigenskapane ein har følt medan ein går, fareteikn ein har observert, resultat frå testen, eigenskapane ved det svake laget og overliggande snø samt terrengformasjonar kan ein analysere tilbakemeldingane om forholda. Dette er ein heilskapleg vurdering av snøstabilitet, utbreiing, skredstørrelse, konsekvens av eit skred og sannsyn for å påverke det svake laget (Tremper, 2018). Dette fortel om kva snøstabiliteten som er akkurat no. Ein må så vurdere korleis vêrforholda som er no vil påverke snøen og snøstabiliteten. Ulikt vær kan påverke snødekket på ulike måtar. På kort sikt kan solinnstråling og vindtransportsnø utvikle seg til å bli eit nytt skredproblem på berre nokre få timar (Tremper, 2018). Andre prosessar som danning av svake lag i snødekket kan skje over fleire dagar. Ein må difor vurdere korleis skredproblematikken kan variere medan man er på topptur. Ein analytisk vurdering tar føre seg så mange av desse faktorane som råd for å danne ein heilskapleg forståing. Viss ein ikkje er like aktiv vurderer forholda og er mindre fokusert gjer det at ein får eit dårlegare grunnlag for vurderingane og vidare ferdsel (Tremper, 2018). Ein må difor forstå avgrensingane og betydninga av dei ulike faktorane for å få ein korrekt forståing. Ut frå denne analytiske heilskaplege forståinga vel ein kva ferdselsmønster ein føler

seg trygg med. På denne måten kan ein velje fjell etter forholda, og ikkje fjellet først (Nes, 2021).

Menneskelege faktorar

Etter å ha undersøkt 715 skredulykker utvikla Mccammon (2004) akronymet FACETS for å forklare dei menneskelege faktorane som påverka slutningar for skikøyrarar på topptur. Sidan den gang har FACETS blitt dominerande teoretisk rammeverk i media, vitenskap og skredundervisning (Zajchowski et al., 2016). Likevel peikar Johnson et al. (2020) på eit forbedringspotensiale. Dei peikar på at innhaldet i FACETS er dårleg definert og opp til tolking. I tillegg har utøving av topptur endra seg sidan 2004. McCammon publiserte FACETS i ein tid der vurderingane berre skjedde berre med dei som var til stades. Sidan den gong har sosiale media gjort at vala vi gjer på topptur kan bli vist til heile verda. Denne merksemda frå sosiale media gjev sosial påskjønning for risikofylt skikøyring (Johnson et al., 2020). For å kunne tilpasse FACETS til moderne topptur blir akronymet forstått utover den originale beskrivinga.

Brattlien (2021) fortel at den menneskelege faktor er den viktigaste faktoren å meistre når ein skal ta vurderingar i skredterreng. I vurderingsprosessen ser folk gjerne det dei har lyst til å sjå (Brattlien, 2021). Når ein går vekk frå ein analytisk vurdering av snøstabilitet kan menneskelege faktorar føre til ulykker. Men analytiske vurderingar krev ein del tidsbruk og erfaring. Tremper (2018) fortel at ein lærer seg å ta gode val ved å lære frå dårlege val. I tillegg fortel Johnson et al. (2020) at mangel på tid er også ein viktig faktor som påverkar våre val på topptur. Samtidig ønsker ein raske og effektive svar. Når ein då ikkje tar seg tid til analytisk vurdering endar ein ofte opp med bruke enklare vurderingsmåtar. Dette kan føre til ulykker som følgje av menneskelege faktorar. Desse brukar tidlegare erfaringar og enkle analysar (Johnson et al., 2020). Derimot tek dei ikkje føre seg snøstabiliteten, og ein kan difor ende opp i farlege situasjonar. Samtidig vel mange heller å utsette seg for fare dei er klar over i staden for å gå ein omveg (Tremper, 2018). Johnson et al. (2020) fortel at ulykker skjer ofte som ein følgje av menneskelege faktorar og fordi ein ikkje brukar nok tid til analytisk vurdering, manglar kunnskap til å vurdere, ikkje ønsker ny informasjon, ser etter lette løysningar eller lar seg styre av følelsar. Utfallet er at ein brukar mindre tid på å diskutere skredproblematikken. Dette kan vere problematisk; Nes (2022) peikar i boka *Skikompis: snøskred og trygg ferdsel* at skigrupper som diskutera skredproblematikk og ruteval er mindre utsett for skredulykker enn grupper som ikkje gjer det. Brattlien (2021) fortel difor at det er

viktig å gå på topptur med nokon ein har god dialog med. Om dei menneskelege faktorane brukar ein ofte akronymet FACETS. Kvar bokstav står for ein eigen type menneskelege faktor. Eg presentera desse først før eg framhev andre faktorar som påverkar våre vurderingsevne på topptur.

Familiarity

McCammon (2002) fortel at *familiarity* er eit resultat av at vi lar tidlegare handlingar styre våre val når vi er i ein liknande setting. Når vi går på topptur på kjente fjell brukar vi gjerne mindre tid på vurderingar. Vi har gått der før og har ikkje opplevd å lausne skred. Og tenker ikkje over at vi går i skredterreng. Vi klarar ikkje å skilje mellom tidlegare erfaringar og dagens forhold (Johnson et al., 2020). Ofte tek vi oss ikkje tid til analytisk vurdering, men på kjende fjell kjennes det ikkje nødvendig fordi det har gått bra tidlegare.

Acceptance

McCammon (2004) fortel at vi gjer ulike handlingar fordi vi trur andre vil legge merke til det vi gjer, og medan vi prøva å imponere andre ignorerer vi faresignal. I prøvar då å bevise kva vi er gode for men endar opp med å setje oss sjølv i fare. I tillegg framhev McCammon (2004) at spesielt menn som prøvar å imponere damer på topptur er ein menneskelege faktoren som kan føre til ulykker. Johnson et al. (2020) fortel at *acceptance* skjer også når ein gjer som alle andre fordi ein ønsker å passe inn. På topptur kan ein som konsekvens ende opp med å bli med resten av gruppa inn i skredterreng sjølv om ein trur det kan vere farleg.

Commitment

Når vi først har tatt eit val føretrekk vi at alle val etter det er i tråd med det først valet (McCammon, 2002). På topptur likar vi difor ikkje å endre planane våre. I møte med ny kunnskap vel vi gjerne å ignorere den nye informasjonen for å kunne fortsette med planen vår, sjølv om det kan vere farleg (Johnson et al., 2020). På topptur har vi ofte ein topp eller ein nedkøyring som mål for turen. Dersom vi då møter ny informasjon undervegs som tyder på at vi ikkje burde streve mot toppen/nedkøyringa vel vi ofte å ignorere dette, og går inn i skredterreng likevel. Dette er fordi vi likar når eit val heng saman med det forgje (Johnson et al., 2020). Når vi først har begynt å gå opp mot eit fjell så vil vi gjerne fullføre. Brattlien (2021) fortel at det er viktig å ha attraktive alternativ som gjer det lett å velge vekk hovudmålet.

Expert

Vi stolar gjerne på ein uformell leiar som skal ta vurderingane for oss, sjølv om det ikkje alltid er dei mest forsvarlege vala (McCammon, 2004). Når vi er på topptur må vi ta avgjersle som ofte kan vere vanskelege å vurdere (Johnson et al., 2020). Men dersom vi trur at andre kan meir enn oss, så lar vi gjerne dei bestemme. Difor kan toppturgrupper ende opp med ein uformell leiar. Men det treng ikkje vere den i gruppa med mest kompetanse som endar opp med å avgjere. Priest & Gass (2017) fortel at det er den i gruppa som står fram som mest erfaren og ikkje den med mest kunnskap som ofte endar opp som eksperten i gruppa. Dette resultera i færre som er med i vurderingsprosessen. Noko som aukar sannsyn for at informasjon om skredvurderinga blir gløymt. I tillegg kan det føre til at nokon i gruppa tenker at andre tar vurderingane når i realitet ingen tar vurderingsansvaret.

Tracks

Vi ønsker å ikkje gå glipp av moglegheita som kan forsvinne, og kjem difor i konkurranse om å køyre først ned i urørt pudde (McCammon, 2002). Når vi er på topptur samtidig som andre grupper blir det nærmast ein konkurranse i å komme til toppen først. Ein går gjerne fortare og brukar mindre tid på tidskrevande vurderingar. Slik at sjansen om å køyre urørt pudde ikkje skal forsvinne.

Social proof

Fordi andre menneske er til stades endar vi opp med å ta større risiko (McCammon, 2002). Følelsen av å ha eit publikum gjer at ein ønsker å vise seg fram noko som kan føre til auka at ein tar større risiko. Viss ein ser andre grupper eller skispor i skredterreng tar ein det som signal på stabilitet. Og når ein då vil vise seg fram for andre ønsker ein å køyre ned ein plass som er meir sensasjonell enn det som har blitt køyrt av andre. Vi endar då opp med å ta større risiko enn om det ikkje var andre grupper i området.

Meir enn berre FACETS

Det finns fleire menneskelege faktorar som påverkar våre val på topptur enn dei McCammon har identifisert som FACETS (Johnson et al., 2020). McCammon utvikla akronymet FACETS ut frå ulykkesdata. Dette fortel Johnson et al. gjer at FACETS ikkje er utvikla for å vere det beste rammeverket for toppturentusiastar å bruke. I tillegg vil eit slikt datagrunnlag ikkje få med seg alle menneskelege faktorane. Det er fleire faktorar som påverkar våre val på topptur: Nokre av faktorane kan vere ganske like dei som er i FACETS. McCammon (2002) fortel at *familiarity* er ein menneskelege faktor som påverkar oss i kjent terreng fordi vi ikkje skil

mellom tidlegare erfaringar og dagens forhold. Men viss ein er ute på topptur over fleire dagar får ein også ein følelse av å bli kjent med snødekket. Dette gjer at ein blir mindre oppmerksam og kan gå glipp av nye fareteikn og endringar frå dag til dag. Dette kan føre til at ein går inn i skredterreng sjølv om fareteikna har vore der.

Det kan skje farlege hendingar på topptur. Det vil difor alltid vere ein risiko for at ein har vurdert feil eller at noko ikkje forutsett skjer. På topptur høyrar ein ofte folk sei *det er alltid ein risiko på topptur* eller folk seier *det går sikkert bra*. Problemet er at nokon brukar dette som eit argument for å kunne køyre i skredterreng. Dette skjer gjerne når ein manglar kunnskap til å vurdere snøstabiliteten og ikkje kan komme med god argumentasjon for kvifor det er trygt. Ein unngår då å vurdere stabiliteten men akseptera at det finns ein risiko.

Nes (2022) fortel at grupper som vurderer snøstabiliteten i fellesskap tar tryggare val på topptur. Dette krev at ein sett av tid slik at ein kan ta vurderingane i fellesskap. Men når enkelte i gruppa går fortare enn resten øydelegg ein for slike vurderingar i fellesskap. Ofte resultera dette i at gruppa blir utstrekt. Dette hindrar kommunikasjon og gjer det vanskelegare å samle gruppe. I tillegg har ein ikkje i like stor grad energi til å vurdere snøstabiliteten. Dette er ikkje ein menneskelege faktor som basera seg på ein feilvurdering, men er ein faktor som påverkar vurderingane på topptur negativt.

McCammon (2004) sine menneskelege faktorar blei laga i ein tid der vurderingane på topptur skjedde berre med dei som var på fjellet. Sidan den gang har sosiale media gjort våre val på topptur tilgjengeleg for alle andre. Johnson et al.(2020) fortel at sosiale media har gjort at folk tar større risiko på topptur.

Ferdråd

Før, under og etter ein tur kan det være hensiktsmessig å samle turdeltakarane for et ferdråd. Nils Faarlund la grunnlaget for omgrepet i boka *Friluftsliv: hva - hvorfor - hvordan* som kom for første gang ut i 1974. Under eit ferdråd samlar alle deltakarane seg i ein krets. På denne måten kan alle deltakarane sjå og høyre kvarandre. Faarlund (2015) fortel at når ein samlast i kretsen kan ein stille seg nokre spørsmål knytt til felles mål, utstyr og forutsetningar. Samtidig sørger eit godt ferdråd for god argumentasjon og kunnskapsdeling (Faarlund, 2015). Kretsen er også med på å symbolisere likeverd då ingen står heva over gruppa. Og kjem av prinsippet om at alle skal være med å bestemme. Samtidig skapar den demokratiske slutningsstrukturen eit felles ansvar og tilhøyr. Noko som kan være svært viktig når ein skal ta val der konsekvensane potensielt kan være svært store. Ferdråd vil derfor virke som eit viktig

verkemiddel for å hindre konflikt og usemje i gruppa, men det er viktig å sette av god tid. (Faarlund, 2015).

Før turen begynn kan ferdrådet skje ved at alle deltakarane møter i kretsen. Her vil det være naturleg med ein forventningsavklaring for å kunne finne eit felles mål. basert på gruppas forutsetningar og rammefaktorar (tid tilgjengeleg, distanse, vêrforhold) (Faarlund, 2015; Horgen, 2010). Torddson (2006) påpeikar at ein gjerne bør ha ferdråd før tur i rolege omgjevnadar slik at ein kan gi ut informasjon tidleg, deretter kan ein enkelt kan gjenta den seinare på tur. Undervegs på tur kan det være naturleg å samle gruppa. Ofte for å vurdere vidare ruteval, framheve eit læringsmoment eller rundt ein naturoppleving. For vidare ruteval er det ønskeleg at alle skal få rom til å kunne uttrykke sine vurderingar. Ved usemje er det vanleg at den mest konservative rutevalet vinn fram. Avslutningsvis er det vanleg å samle gruppa ein siste gang. Her er det vanleg å oppsummering noko av det ein har lært og opplevd på turen. Og i enkelte tilfelle kan det være naturleg å ta opp hendingar der ein kunne gjort noko annleis for å forbetre turen til neste gang.

Ferdråd vil variere noko mellom ulike aktivitetar, men er eit sentralt verkemiddel i mange friluftslivsaktivitetar for fremme god kommunikasjon og samarbeid i grupper. Også for skigrupper på topptur kan ferdråd være eit sentralt verkemiddel. Kjetil Brattlien framhev i boka *Den lille snøskredboka* (2021) viktigheita av ferdråd når ein skal på topptur. Her framhev han ferdrådets evne til å fremme god kommunikasjon og ein felles vurderinga av enkeltheng. Vidare fortel Brattlien (2021) at det er viktig å få ein felles forståing av skredproblemet, korleis det kan påverke dagens tur og kva ferdselsmønster gruppa bør bruke med dagens forhold. Ved å finne felles mål og turplan ut frå måla kan ein hindre konflikt seinare på tur (Horgen, 2010). I boka *Skikompis* (2022) fortel Nes om ferdråd sine eigenskapar til å motvirke ueinigheiter på topptur. I tillegg sett ferdråd tidleg fokus på kritiske punkt. Dette gjer at gruppa tidleg kan finne gode alternativ tidleg dersom rutevalet ikkje var eigna dagens forhold. Den demokratiske strukturen legg til rette for at alle skal kunne uttrykke seg og være med å vurdere forholda. Noko som er svært viktig på topptur då konsekvensane er store og observasjonar av fareteikn kan påverke ruteval. Sjølv om ferdråd blir brukt i skredlitteratur som verktøy for grupper på topptur blir ikkje ferdråd nemnt i NF sin skredkursmal for grunnkurs. Malen er i vedlegg D: *NF skredkursmal*. Denne malen blir brukt av både DNT, Røde kors og ein rekke guide/instruktør firma (Fjellspportforum, u.å.). Malen har difor stort påverknad på innhald i skredkurs.

Læring i friluftsliv

I friluftsliv må ein lære seg ein passende måte å handtere ulike situasjonar (Vikene et al., 2006). Med nok erfaring kan ein vite passende måtar å reagere på ein ny situasjon. Dette kjem av at ein har vore i liknande situasjonar før, og kan gjennom mønstergjenkjenning vite kva ein må gjere (Vikene et al., 2016). Ein må difor erfare liknande situasjonar før. Vikene et al. (2006) fortel i *leing og læring i friluftsliv* om to ulike måtar å lære på: induktiv og deduktiv læring.

Induktiv læring kjem frå egne erfaringar (Bentsen et al., 2009). Gjennom å prøve og feile kan ein sjølv gjere seg erfaringar. Ettersom ein då får meir erfaringar vil det bli lettare å vite kva ein skal gjere i liknande situasjonar i framtida. Innan friluftslivstradisjonar har denne induktive måten å lære på stått sterkt. Noko av grunnen til dette kan vere at kunnskap om mønstergjenkjenning i liten grad lar seg overføre frå ekspert til nybegynnar (Vikene et al., 2016). Å erfare sjølv har difor vist seg å vere den føretrekte måten å lære på.

Deduktiv læring skjer gjennom dialog og teori. I denne måten å lære på blir ein i større grad fortalt kva ein skal lære, og er meir prega av eit fastsett pensum (Bentsen et al., 2009). Dette gir mindre friheit til å bestemme kva ein ønsker å lære sjølv. Bentsen et al. (2009) fortel at målet er at ein skal lære seg å kjenne igjen prinsipp og forståing til å kunne løyse oppgåver.

Induktiv og deduktiv læring er i ein glidande overgang. Og kva måte som passar best å lære på vil variere. Brattenborg & Engebretsen (2013) fortel at ein rekke faktorar påverkar læringssituasjonar. I eit naturmiljø fortel Priest & Gass (2017) at farar i naturmiljøet, låg kompetanse, ueinigheit i gruppa og høge konsekvensar ved eit val er dårlege miljøforutsetningar. Måten ein lærar på må tilpasse seg til det miljøet ein skal lære i. Ved gunstige forhold vil det vere meir naturleg å lære induktivt, men når forholda ikkje er gunstige kan ein deduktiv læringsmåte vere meir forsvarleg, og blir meir brukt når ein må vektlegge sikkerheit (Bentsen et al., 2009). Vikene et al. (2016) fortel at fareteikn frå snødekket kan vise dårlege miljøforutsetningar. På slike dagar kan det vere farleg med ein lære ved å prøve tilnærming.

Metode

I arbeidet med forskingsprosjektet har eg måtte ta fleire metodiske val for å kunne svare på problemstillingane; *Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar? Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd? I*

denne delen av oppgåva ynskjer eg å fortelje om det metodiske arbeidet som er med på å forme utføringa av forskingsarbeidet. Ved å formidle dette ynskjer eg å gjere det tydlegare kva som ligg til teoretisk og praktisk til grunne for utføring.

I dette kapittelet ønsker å få fram kvifor eg trur kvalitativ metode med intervju vil gi best grunnlag for å kunne svare på problemstillinga. Samt kva kriterier som påverka utval av informantar. I tillegg ønsker eg å få fram perspektiv som påverka utforming og gjennomføring av det digitale intervju. Deretter fortel korleis eg har arbeida med datamaterialet gjennom transkribering, kategorisering og analysing. Samtidig ønsker eg å få fram korleis eg har ivare tatt informantane sitt personvern. Og til slutt skal eg gjere greie for reliabilitet og validitet.

Metodisk bakteppe

I desse intervjuane har eg fått fram erfaringar og opplevingar informantane har gjort seg på topptur. Det kan ofte vere vanskeleg å ta vurderingar på topptur fordi vurderingar av snødekket kan bli påverka av mange samansette faktorar. Kombinasjonen av høge konsekvensar, vanskeleg risikovurdering og mangel på ein formell leder kan føre til konflikt (Preist & Gass, 2017). Eg undersøkte difor erfaringar og lærdommar informantane hadde gjort seg frå menneskelege faktorar og konflikter. Frå desse erfaringane med menneskelege faktorar har informantane tatt med seg lærdom knytt til å finne ein felles turplan, samling av gruppa og fremme dialog. Dette er eigenskapar knytt til ferdråd. Både korleis informanten erverva og brukar kunnskapen utgjør resultat for oppgåva. Denne måten å forstå kunnskap som ein akkumulerande påbygging av erfaringar skildrar Einar Duenger Bøhn (2019) i *Empirisme*.

Kvalitativ metode

For å kunne undersøke hovudproblemstillinga; *Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar?* Og underproblemstilling: *Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?* var det naturleg å søke etter eit nyansert og detaljrikt datagrunnlag. Årsaka er at problemstillinga går innanfor fleire samansette tema; vurderingar i skredterreng, gruppedynamikk og kommunikasjon i eit utfordrande miljø. Skredvurderingane blir sterkt påverka av små variasjonar og signal frå snødekke, vær og terreng. Gruppedynamikken vil variere mellom gruppesamansetning og individuelle mål. I tillegg kan kommunikasjonen vere utfordrande på grunn av vêrforhold og

høge konsekvensar. Det er difor viktig å få et detaljert og nyansert bilde av forholda som påverka det samansette bilde kring skredvurderingane til informantane. I tillegg er det dei subjektive erfaringane til folk som går på topptur som utgjer det datagrunnlaget eg ynskjer å undersøke. Og dette let seg best innsamlast på ein måte der informant får i stor grad vektlegge det hen ynskjer. Samtidig er det viktig å få ein heilskaplege forståing av samspelet mellom ferdråd og menneskelege faktorar på topptur. At problemstillinga tyder på et detaljrikt og nyansert datagrunnlag samsvarar godt med kvalitativ metode slik som Tjora (2021) skildrar det i *kvalitative forskingsmetoder i praksis*. Eg har difor vurdert at kvalitativ metode vil være best egna for å svare på problemstillinga.

Intervju som metode

Under datainnsamling var det ønskeleg å få resultat som var nyanserte og detaljrike. Samtidig var det også viktig å styre informantane til å holde seg innanfor temaet sidan detaljrikdomen kan vere tidskrevande å arbeide med. Eg valde difor å bruke intervju på grunn av moglegheita til å balansere eit rikt datamateriale med moglegheit for å halde informanten til tema.

Samtidig følte eg av intervju gav ein god flyt og dynamikk i møte med informantane. I tillegg kjente eg til dei fleste informantane før intervju, noko som gjorde det gjorde intervjua meir naturlege. Det var då lett for informantane å legge ut om erfaringar og lærdommar dei hadde frå toppturar. Samtidig som eg kunne komme med oppfølgingsspørsmål eller styre samtalen til å være relevant for problemstillinga. Denne evna til både gi eit rikt datamateriale samtidig halde informantane til eit spesifikt tema skildra Tjora (2021) som ein av dei store styrkane ved intervju som metode.

For å kunne undersøke hovudproblemstillinga; *Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar? Og underproblemstilling: Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?* var det sentralt å gi rom til informantane til å styre samtalen mot det dei føler var viktigast. Dette gjær at informantane får stor moglegheit til å vektlegge og formidle egne erfaringar og det dei tenkjer kan være viktig å få fram. På denne måten styrar eg ikkje informantane til å seie det eg forventa. Tjora (2021) fortel at det er styrkande at svara frå informantane er så lite påverka av intervjuar som mogeleg. Samtidig ynskjer eg å styre intervjusamtalen mot dei tema som er sentrale for å kunne svare på problemstillinga. Eg har difor vald å ha semistrukturerte intervju då dette balanserer fordelene av friheita informanten har av å kunne styre datagrunnlaget og samtidig gir meg moglegheit for å styre intervjuet mot sentrale spørsmål. intervju som metode vil også

gi stor grad detaljrikdom til datamaterialet som vil være naudsynt for å best mogleg kunne svare på problemstillinga med nok forståing av detaljane kring vurderingane som vart gjort av informantane ute i felt.

Informantane

Under val av informantar har det vore ønskeleg med ein heterogent utval. Formålet med dette er å auke sannsynet for finne ulike haldningar mellom informantane. På denne måten blir resultatata være i større grad representativ for den aktuelle gruppa, utan at denne oppgåva tar sikte på å generalisere resultatata. Tjora (2021) fortel at ved å søke etter informantar som skil seg frå kvarandre kan ein få ein større bredde i datamaterialet og belyse problemstillinga frå fleire vinklar. Dei fleste informantane har eg møtt før intervju gjennom skredkurs, brekurs, oppvekst, studiar eller forsvaret. berre ein person hadde eg ikkje møtt før intervju. Denne personen vart anbefalt til meg av ein felles kjent på grunn av erfaringsmengda til informanten. Sjølv om eg ikkje kjente informanten opplevde eg at dette ikkje gjekk utover dynamikken i intervjuet. Det var også god dynamikk i intervju med informantane eg hadde møtt frå før. Eg ynskte at både menn og kvinner skulle bli representert. Horgen (2021) fortel i *Dødsulykker i norsk friluftsliv 2000-2020* at det er flest menn som dør i skred. Om det kjem av ulik risikovilligheit eller at fleire menn som ferdast i skredterreng er uvisst på grunn av mangelfull statestikk knytt til utøving av aktivitetar fordelt på kjønn. Eg ende opp med fem intervju med kvinner og to med menn. Under seleksjon av informantar ønskte eg både kvinner og menn representert, men det var viktigare for meg å velje ut informantar som eg i størst mogleg grad ville vere gunstige for å kunne svare på problemstillinga. Tilfeldigvis var det fleire kvinnelege informantar som eg tenkte ville være gode informantar. Noko som førte til ein skeivdeling mellom kjønn. Eg skal ikkje samanlikne menn og kvinner og ser difor på dette som uproblematisk.

Det var ønskeleg å snakke med folk i ulike alder og i ulike delar av livet. Då dette kan vere med på å påverke måla med å gå på topptur. Men derimot viser ikkje statestikken ein betydeleg forskjell i dødsulykker i alder (Horgen, 2021). Mine informantar hadde ein alder mellom 23 som lågaste og 37 som eldste. Mange går på topptur utover dette aldersspennet, men truleg er ein betydeleg del av dei som går på topptur i alderen 20-40. I tillegg var det ønskeleg at informantane var over 18 år for å ha bygd opp nok erfaring samt praktiske grunnar knytt til personvern. Truleg hadde det vore styrkande for datamaterialet å ha ein informant i alderen 50-60. Eg har likevel ført samtalar med fleire informantar i alderen 50+

som går på topptur utan at samtalane framheve nye perspektiv som tyda på at eg burde ha fleire intervju. Eg ønskte også at informantane skulle ha ulik mengde med erfaring med topptur då ein nybegynnar truleg ville sjå annleis på skredvurderingar enn nokon med mykje erfaring. For den eine var dette første topptursesong medan for ein annan var dette sesong nummer 20. Naturleg nok viste det seg at informantane som hadde gått på topptur fleire sesongar hadde gjort seg fleire erfaringar og kunne fortelje om fleire hendingar som var relevante for problemstillinga enn informanten som var på første sesong. Samtidig varierte talet på toppturar per sesong frå ca. 5 til 100+ toppturar. Noko som igjen var med på å påverke mengda erfaring til informantane. I tillegg varierte kursmengde frå eit uformelt skredkurs hjå ein informant til fleire kurs gjennom oppveksten, skredkurs gjennom stuide, to halvårskurs og påbegynt skredutdanning frå NF. Ingen av informantane arbeidar fast som toppturguide, skredinstruktør eller skredvarslar og har dermed ikkje å ta vurderingar i skredterreng som ein del av sin normale arbeidskvardag. berre ein informant har tatt NF skredinstruktør og vore instruktør sporadisk. Dermed skal informantane kunne representere den vanlege toppturentusiasten frå nybegynnar til semi-profesjonell.

Intervjuguide

Før intervju utforma eg ein tematisk intervjuguide med relevante spørsmål. Dette gjorde det lett for meg å fortsette samtalen utan å måtte tenke ut nye spørsmål undervegs. Dei ulike tema gjekk innanfor; generell info om informant, informanten sine egne mål og utfordringar på topptur, gruppeutfordringar, erfaringar på topptur, planlegging og menneskelege faktorar. Brinkmann og Kvale (2015) framhev at ved å strukturere intervjuguiden tematisk blir det enklare å ta i bruk oppfølgingsspørsmål og halde flyt i samtalen sjølv om ein brukar hentar fram spørsmål frå intervjuguide. Intervjuguiden er lagt ved som vedlegg A: *Intervjuguide*.

Men det varierte mellom intervju kor mykje eg nytta desse ferdig formulerte spørsmåla. I nokre intervju var det meir naturleg å la informantane prate lenge då dei fortalte mykje om relevante spørsmål. Og ofte prøvde eg å komme med oppfølgingsspørsmål. Dette gav ein betre flyt i samtalen enn om eg hadde berre følgd intervjuguiden frå spørsmål til spørsmål. Intervjuguiden fungerte difor berre som eit sett med forslag til spørsmål. Målet med å ha intervju er å få mykje, korrekt og relevant data til å svare på problemstillinga.

Før intervjuprosessen utforma eg ein tematisk intervjuguide med relevante spørsmål som ikkje var ledande. Eg gjennomførte så eit prøveintervju der eg tok med meg praktisk erfaring samt revurderte nokre av spørsmåla. Eg fekk så ein intervjuguide som eg følte var klar for dei

første intervju. Etter dei tre første intervju vart transkribert kom det fram at enkelte tema ikkje hadde blitt like godt undersøkt som andre. Eg valde difor å skrive om intervjuguiden for å få større datamateriale der datagrunnlaget var tynnast. Eg hadde så to nye intervju før eg tok før meg same prosess. Til slutt hadde eg dei siste to intervju. Ved å gjennomføre denne revurderinga av intervjuguiden fleire gongar kunne eg tilpasse intervju i større grad og dermed få mest mogleg relevant data ut av kvart enkelt intervju. Sjølv om dette førte til større arbeidsmengde gav det også betre intervju. Eg opplevde at ved å endre spørsmåla litt fekk eg informantane til å svare meir innafor dei tema eg ønskte å belyse meir.

Intervjua begynte med lausleg prat for å komme i gang. Og etter litt informasjon om personvern og generell info kunne eg skru på lydopptakar. Dei første spørsmåla var korte og enkle spørsmål knyta til alder, arbeid og kor mykje den aktuelle informanten står på ski. Tjora (2021) framhev viktigheita av å begynne med enkle spørsmål for å gjere det lett for informanten og dermed skape god dynamikk til informant. Etter den enkle starten kunne eg komme med gradvis vanskelegare spørsmål der informant av og til måtte stoppe opp og prøve å tenke tilbake. I dette forskingsarbeidet har eg hatt eit ønske om å at informantane skal dele av eigne erfaringar frå topptur og tankar dei har gjort deg i etterkant. At informantane tek seg tid til å tenke gjennom og reflektere over egen erfaring var difor ønskeleg og noko eg av og til foreslo at dei måtte gjere.

Det digitale intervju

Fleire forskarar som Rubin & Rubin (2011) og Hermanowicz (2002) føretrekk dei fysiske ansikt til ansikt intervju. Under slike intervju er det lettare å bygge relasjon til informantane noko som kan føre til at informanten opnar seg meir opp og delar meir. Og dersom informanten er open for å dele meir vil det vere med på å styrke datagrunnlaget. Derimot viser andre forskarar til at også digitale møte kan gi like godt datagrunnlag, men at desse møta kunne vere noko kortare (Johson, Scheitle & Ecklund, 2019). Under datainnsamling vurderte eg at digitale møter ville vere tilstrekkeleg. Både fordi eg kjente til dei fleste informantane frå før og sidan tematikken vi skulle innom ikkje skulle vere av ein vanskeleg personleg karakter. Eg såg det difor som lett for informantane å dele den informasjonen eg ar etter. Dette følte eg stemte i møte med informantane. Dei fleste intervju flaut svært lett sjølv om spørsmåla av og til krevje at informantane måtte tenke tilbake på tidlegare hendingar.

Under datainnsamling er det ønskeleg å forstå informantane så tydeleg som råd. Difor er det svært negativt å miste kroppsspråk under intervju (Yin, 2015). Difor nytta eg TEAMS under

intervju for å få med meg dette. Derimot var det berre lydfil som vart lagra frå intervjuet, så relevante teikn knytt til kroppsspråk måtte eg notere meg ned undervegs for at det ikkje skulle gå tapt. Eg opplevde difor at det digitale intervju over TEAMS med lydopptakar fungerte svært godt, hadde ingen merkbare ulemper, var tidssparande og reduserte behovet for reising.

Transkribering

Å transkribere intervju var ein tidskrevande prosess. Men ved å bruke tid på dette vart det enklare å kategorisere og analysere resultata. Enkelte utsegn frå intervju var vanskelege å tyde då nokon av informantane prata lågt. Eg brukte difor tid på å passe på at eg forstod det som vart sagt. Det var difor svært gunstig å lytte til lydopptaka fleire gongar. Tjora (2021) fortel at det er viktig å være grundig i transkriberingsfasen for å bevare så mykje data som mogeleg. Derfor valde eg å nærmast transkribere alle intervju fullt ut frå start til slutt. berre opplagt irrelevante delar av intervju vart utelat. Eg tenkte at det var betre å bestemme meg seinare i analyse prosessen for kva som skulle med i resultata. Men sjølv om eg i stor grad transkribera intervju fullstendig fortel Brinkmann & Kvale (2015) i *Interviews: Learning the craft of qualitative research interviewing* at ein alltid vil miste litt data i transkriberingsprosessen. Kroppsspråk, ironi og tonefall vil gå vekk under transkribering viss det ikkje blir notert ned. Eg opplevde likevel at mine intervju ikkje var prega av dette på ein måte som påverka meiningsbetydninga av utsegna. Eg valde også å transkribere nokre intervju til nynorsk medan andre til bokmål ut ifrå kva som låg nærast måten informanten prata. Ingen av intervju var prega av lokale dialektord, det var difor uproblematisk gjere intervju skriftleg. Ved intervju, transkribere og analysere alt datamaterialet vart det enklare å tenke seg tilbake til intervjusettinga. Samtidig gjorde det at eg tidleg kunne markere relevante sitat undervegs. Utsegn som er vist i resultat har blitt reinskriven for fyllord. Enkelte intervju inneheldt mange fyllord som gjor sitat rare å lese. Eg valde difor å kutte vekk enkelte overflødige ord. Det viktigast under dette arbeidet var å ikkje endre på hovudbodskap frå sitata.

Kategorisering og analyse

Under kategorisering tok eg utgangspunkt i kva informantane hadde fortalt under intervju for å lage kategoriar. På denne måten er det datagrunnlaget som er med på å danne kategoriane og ikkje ferdiglaga kategoriar som eg pressar resultata inn i. Tjora (2021) skildrar ein lik måte i *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*, og fortel at dette gjer at ein lar datamateriale tale til forskaren. Dette gjor at eg ende opp med seks kategoriar; planleggingsfasen, erfaring og

bakgrunn, risiko, kven skal vurdere, kommunikasjon & gruppedynamikk og menneskelege faktorar. Desse kategoriane brukte eg under analysearbeidet. For å strukturere analysearbeidet lagde eg ein tabell som består av tre kolonnar; i første kolonne står ein av dei seks kategoriane. I andre kolonne står eit undertema som ein eller fleire informantar drøftar i intervju og i tredje kolonne står det kven av informantane som diskutera dette. Ved å lage denne tabellen kan eg enkelt sjå kven av informantane som drøftar ulike tema, og om det er fleire som drøftar det same. Eg kan då velgje ut ein eller fleire utsegn som skal med i resultatane. Dalland (2017) fortel at ein som forskar må jobbe systematisk med datamaterialet, og framhev at det kan være viktig å legge større vekt på dei tema som går igjen. Ved å strukturere datamaterialet frå intervju på denne måten jobbar eg både systematisk og får ein fin oversikt over kva tema som går igjen på tvers av informantane.

NSD og personvern

Før datainnsamling søkte eg prosjektet til NSD. Dette evar viktig for å få bekrefte at metodane eg hadde tenkt til å bruke var i tråd med NSD sine retningslinjer og overheldt reglar for personvern. Det godkjente svaret frå NSD er lagt til som vedlegg A: *Svar frå NSD*. I svaret frå NSD kjem det fram at min tenkte måte ved å bruke TEAMS under intervju med lydopptakar ved sidan av gir tilstrekkeleg personvern. TEAMS samtalen gir ein betre flyt i samtalen, medan lydopptakar gjer transkribering og analyseringsarbeidet lettare. Lydfila gjer at ein som forskar kan gjenleve intervju fleire gangar etter intervju (Tjora, 2021). Noko som var viktig for å kvalitetssikre at utsegna skrivne i resultatane er representative for konteksten dei blir fortalt.

Når eg tok kontakt med ein aktuell informant sendte eg ut eit infoskriv som inneheld informasjon om forskingsprosjektet og personvern. Dette er lagt ved under vedlegg C: *infoskriv til informantane*. I tillegg skreiv informantane under eit samtykkeskjema om deltaking. Før intervjuet starta hadde eg ein uformell samtale med informantane der eg igjen informert om at svara deira ville være anonyme, dei hadde retten til å trekke eller lese svara sine når som helst og at berre eg ville ha tilgang til lydopptak frå intervju. Deretter samla eg inn generell personopplysning som vart notert analogt på ark og heldt fråskilt frå lydopptakar. Dette handla om kjønn, alder, yrke, kva område dei har stått mest på ski, tal sesongar med topptur, tal dagar på topptur per sesong. Før eg skrudde på lydopptaka spurde eg igjen om at det var greitt at eg skrudde på lydopptakar. Når eg ikkje brukte lydfila i databehandlinga vart lydopptakar låst i eit skap der berre eg hadde tilgang. Ved å halde lydfil og den generelle

personopplysninga avskilt sikra eg i større grad at om nokon andre hadde fått tak i lydfile ville det vore vanskelegare å kjenne igjen informantane. Desse lydfilene blir sletta ved avslutning av prosjektet. Denne måten å lagre og beskytte data er lik den som blir skildra av Olsson, Sørensen & Bureid (2003) og i samsvarar med UiT føring for behandling og lagring av aktive forskingsdata

Reliabilitet og validitet

I denne oppgåva har eg undersøkt hovudproblemstillinga; *Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar?* Og underproblemstilling: *Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?* Gjennom arbeidet med datamaterialet har eg drøfta utsegn frå informantane og dratt konklusjonar frå dette. Larsen (2017) fortel at den interne gyldigheita av oppgåva er avhengig av om desse konklusjonane er basert på fornuftige og korrekte konklusjonar samt kvalitet i arbeidet med datagrunnlaget. I stor grad prøver eg å vise til utsegn frå informantane når eg skal foreta konklusjonar, og på denne måten være transparent.

Totalt har eg hatt intervju med sju personar med ulike erfaringsmengde som går på topptur på ski. Dette utgjer eit lite utval av ein stor gruppe toppturentusiastar. Resultata i denne oppgåva kan difor ikkje generaliserast for den større gruppa, men har sitt gyldigheitsområde til å gje detaljert innsikt i enkelte toppturentusiastar sin bruk av ferdråd for å motvirke menneskelege faktorar. Sjølv om resultata ikkje kan generaliserast for alle toppturentusiastar har det heller vore eit mål å presentere eit detaljert datamateriale for å kunne skile mellom nyansar. Styrken har difor låge i detaljrikdomen.

Resultat og Diskusjon

I dette kapitlet skal eg presentere resultata frå datagrunnlaget. Målet er å kunne svare på hovudproblemstillinga; *Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar?* Og underproblemstilling: *Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?*

Bruk av ferdråd

Først skal eg få fram korleis informantane kjenner til og brukar ferdråd i ein topptursetting. Dette blir gjort ved å fremme sitat frå intervju og drøfte det mot teori frå teorikapittelet.

Varierende kjennskap og bruk av ferdråd

Under samtale med fleire informantar kjem det fram at fleire av dei ikkje veit kva omgrepet ferdråd er. Naturleg nok gjer det at mange av dei også ikkje har eit bevisst forhold til kva eit ferdråd inneber. Ein informant fortel om ein topptur der ho blir pressa til å bli med dei andre i skredterreng. I etterkant begynte ho å grine, og følte seg fysisk dårleg i fleire dagar. Dette kunne vore unngått, samt understrekar at ferdråd er viktig. Denne mangelen av eit felles mål og ruteplan tyder på at ferdråd ikkje har vore brukt under planleggingsfasen. Noko som kunne avdekka motstridande ønsker tidlegare. I boka *Skikompis* (2022) fortel Nes om ferdråd sine eigenskapar til å motvirke ueinigheiter på topptur. Derimot viser fleire informantar bruk av ulike element av ferdråd sin eigenskapar knytt til planlegging, kommunikasjon og demokratisk struktur i samtale med nokre informantar. Utan å kjenne til omgrepet ferdråd har fleire av informantane lært seg gjennom egen erfaring ulike aspekt som kan vere lurt å få avklart før ein går på topptur. I samtale med Foxtrot kjem det fram at ho ikkje har høyrte omgrepet ferdråd før, men legg stor vekt på mange av eigenskapane knytt til ferdråd. Når eg spør om kva førebuing ho gjer med gruppa fortel ho:

Vi må berre stå i en ring og snakke om kor vi skal gå, kva vi skal gjere. Vi samlast bere. Så tar vi fram kartet på telefonen. Og så tenke vi på kor vi skal legge ruta. Og då er dei flest einig i ruta. Det er som regel en ganske åpenlys rute man tar. Og så tar vi en gruppesjekk på folk. Så spør vi om alle har hugsa å ta med alt. Og folk har med vannflaska. Og sei at det er lov å sei ifrå viss det skulle være noko. Man merka fort viss det er ugrei dynamikk. Men som regel er det en god dynamikk.

- Foxtrot

Sjølv om Foxtrot ikkje er kjent med omgrepet ferdråd vektlegg ho mykje av eigenskapane til ferdråd; kretsen, ruteplanlegging, utstyrssjekk og demokratisk struktur. Når Horgen (2010) vektlegg ferdråd sine eigenskapar i *Friluftslivsveiledning vinterstid* framhevar han mange av dei same elementa som informanten. Dette viser at gjennom fleire års erfaring kan ein tileigne seg kunnskap om ferdråd utan å lese seg til det. I fleire intervju kjem det fram at gjennom

eigen erfaring frå uønskt hendingar har informantane erfart hendingar dei burde fokusere meir på. Det blir difor naturleg at dei som har meir erfaring frå toppturar har fleire erfaringar og dermed fleire lærdommar tilknytt å motverke uønskt hendingar. Informant Echo har tatt ein bachelorgrad i friluftsliv og har gjennom studiet blitt introdusert til ferdrådstankegangen. Under intervju fortel informanten at han brukar ferdråd for planlegging og i gjennomføring av topptur.

Det handler om å ha en god ferdplan eller godt ferdråd. Gjennom turplanlegging kan man få ordna seg inn på samme mål for turen. Man kan stille seg noen enkle spørsmål om hvem vi er som gruppe. Hva har vi tenkt å gjøre? Hva er målene våre? Hvordan skal vi nå målene våre og komme tilbake som venner? og hvordan kan vi gjøre det på tryggest mulig måte? Stille seg noen spørsmål før man drar ut. Og når man går ut i skredterreng bruker man gjerne skredtrekantetn med snødekket, terreng, vær og menneske som den usikre faktoren i midten. Det er utgangspunktet for hvor man skal dra. Værhistorikk og snøomvandling er kanskje litt mer det tekniske enn ferdråd.

- Echo

Informant Echo fortel i utsegna både om ferdråd og nokre viktige spørsmål ein bør stille seg som gruppe før ein går på topptur. Faarlund (2015) framhev seks sentrale spørsmål ved ferdråd. Fleire av dei same spørsmåla brukar Echo når han har ferdråd. Dette viser at han både er kjent med omgrepet og innhaldet av eit ferdråd. Denne kunnskapen knytt til ferdråd varierer i stor grad mellom informantane. Noko av grunnen til at få informantar har god kjennskap til ferdråd i ein topptursetting kan komme av manglande litteratur om ferdråd på topptur. I *Den lille skredboka* (2021) påpeikar Kjetil Brattlien at ferdråd kan vere eit godt verkemiddel for gjere toppturane tryggare utan å utdjupe kva dette ferdrådet bør innehalde. Anna litteratur kring ferdråd er ofte generell for å passe til fleire aktivitetar.

Sidan det er varierende mellom informantane kor kjent dei er med ferdråd er det og naturleg at også bruken av ferdråd er varierende. For informantar som ikkje kjenner til omgrepet ferdråd eller ikkje har gjort seg nok egne erfaringar er det naturleg at bruken kan bli avgrensa. I intervju med fleire informantar fortel dei om uønskt hendingar som ofte kunne vore løyst tidlegare gjennom nokre av ferdråd eigenskapar som turplanlegging og dialog. Ofte tar informantane med seg desse erfaringane med seg til neste gang dei skal på topptur.

Frå desse opplevingane lærer informantane kva dei burde snakke om til neste gang for å unngå at det same skal skje igjen. Difor lærer mange seg ferdråd gjennom egne erfaringar. Dei med meir erfaring vil difor truleg lært seg fleire måtar å motvirke uønskt hendingar på toppstur.

Utfordringar knytt til ferdråd

I samtale med informantane kjem det fram at tidspress av ulike slag er ein faktor som er med på å redusere tida ein brukar på ferdråd. Problemet med dette er at dersom ein ikkje brukar nok tid på ferdråd så er det meir sannsynleg at uønskt hendingar kan skje undervegs. Det er viktig å bruke god tid på ferdråd for å kunne bli kjent med gruppa ein skal på tur med (Faarlund, 2015). Og dette kan vere med på å motvirke uønska hendingar og konflikt seinare. Informant Golf fortel at noko ho syns er mest utfordrande med å gå på toppstur er ein travel kvardag. Dette gjer det vanskelegare å planlegge toppsturen i forkant. Dette kan føre til eit dårlegare ferdråd.

For min del så synest eg det er utfordrande å heile tida lage ein god plan. Og vere alltid oppdatert på snøen. Det synest eg kan vere utfordrande. Fordi livet generelt er travelt. Og eg har egentlig lyst til å være litt oppdatert på snøen og terrenget vi skal inn i. Ha god kontroll. Men av og til så får eg det ikkje til. Og når du går så masse på tur så kan du ikkje det kvar gang. Så av og til blir eg med på tur. Så veit eg at det er skredfare 2 med litt fokksnø. Eg syns det kan være vanskeleg å heile tida vere oppdatert. Og heile tida ha oversikt og kontroll.

- Golf

Som informant Golf sjølv har opplevd er det varierende kor godt forberedt ein møter til toppstur. Nokre gongar har ein hatt tid til å følge med på korleis det lokale været har vore, og dermed kunne vurdere korleis snøen har blitt påverka av dette. Undervegs i sesongen har ein kunne følgje med på snødekket og vore oppdatert på ulike lagdelingar. Men enkelte gongar er livet travelt, og ein møter ikkje like oppdatert til toppstur. Noko av målet med eit ferdråd er at alle deltakarane skal få ein felles forståing for turens krav, basert på dette kan gruppa velgje tur etter evne (Tordsson, 2006). Som Golf seier så variera det kor godt forberedt ein stiller til ein toppstur. Det er ikkje alltid alle har lest skredvarselet eller følt med på veret. Men ved å samle til eit ferdråd kan alle bli oppdatert og få ein felles forståing av snøskredvarselet,

snøforhold og vær. Samt korleis dette vil påverke dagens tur. Informant Foxtrot fortel om noko anna som ofte kan ta vekk fokuset frå ferdråd:

Viss vi går oppover og nokon går ifrå så føle eg det er litt dårlig gjort. Kanskje nokon bak er litt sliten. Men så er det ein som er i kjempegod form. Som skal springe opp. Dei som blir igjen bak må vite at den personen som går forran veit kor dei skal gå. Veit dei kor dei må stoppe. Man blir usikker på om den som går aleine veit kor dei skal gå. Eg synest det er dårlig gjort. Det skjer ofte at folk er supergira. Som vil skunde seg til toppen. Og stressa litt. Det blir berre stress for dei som ikkje vil gå så fort. Viss noen stressa og skunda seg til toppen. Dei som går bak blir stressa dei og. Og viss man er stressa og litt småirritert så blir man redd litt naturleg. I tillegg tar man forhasta vurderingar. Man tør ikkje sei ifrå at man treng litt meir tid. Man seie ikkje ifrå om det. Det er irriterande for andre viss du skal stoppe gruppa mens andre vil være raske til toppen.

- Foxtrot

Informanten fortel om når enkelte i gruppa ønsker å gå raskare enn resten. Dette fører til at gruppa blir utstrekt og kommunikasjon blir vanskelegare. Noko som gjer det vanskeleg å starte eit ferdråd. Vurderingane undervegs blir difor forkorta eller borte. Informanten fortel at ho blir stressa når dette skjer. Ofte fordi ho er usikker på om personen som går i front veit kor hen skal gå. Og når ho blir usikker på om personen i front veit kor hen skal gå blir informanten også fort usikker på om det er trygt. Dermed har denne hendinga ein dobbel negativ effekt med å redusere og vanskeleggjer ferdråd samt å gjere folk føle seg mindre trygg. Tordsson (2006) framhev viktigeita av å få fram viktig informasjon tidleg på tur i rolegare omgivningar. Noko han meiner vil gjere det lettare å ta imot denne informasjonen seinare sjølv i meir utfordrande omgivningar. Eit ferdråd før tur vil dermed kunne få fram informasjon tidleg og ferdråd undervegs kan fungere som ein påminning. Personen som går i front vil kanskje hugse på at gruppa har blitt einig og gå samla eller personane bak vil ha det lettare for å sei ifrå. Informant Echo fortel at bruken av ferdråd variera ut i frå gruppesamansetting. Ved å gå på topptur med folk ein kjenner frå før veit ein kunnskapsnivået og ferdigheitsnivået til gruppa. det vil være enklare å vite om turen er etter gruppas evne og om ein har kunnskapen som trengs for å vurdere snøstabiliteten. Dette fortel informant Echo om å bli med på topptur utan å planlegge på forkant:

Dette er noe man burde gjøre gjerne dagen før turen. Viss man ikke er enige og møter andre, og setter seg inn i bilen for så å spørre hvor skal vi dra. Det er ikke noe man burde gjøre når man skal inn i skredterreng, isåfall skal jeg kjenne de folka svært godt. Og jeg må vite fra før av at de har samme forståelse av turen. Og per nå hvor jeg bor så er det ikke noen jeg stoler på på den måten, kanskje en eller to. Som jeg stoler på på en så heftig måte. At jeg kan sette meg inn i bilen og vet at vi har lik forståelse av turen.

- Echo

Informanten fortel at han ikkje ønsker å bli med nokon på topptur utan planlegge turen på forkant. Truleg er det dei høge konsekvensane og sjansen for konflikt i gruppa med på å påverke denne haldninga. Under intervju kjem det fram at informanten legg stor vekt på ferdråd og turplanlegging. Dette er truleg noko av grunnen til at han i liten grad ynskjer å bli med på tur utan først å planlegge turen. Tordsson (2006) fortel at noko av målet med ferdråd er å bli kjent med gruppa sine ferdigheitsnivå, mål og forventningar. På denne måten kan ein få ein forståing av korleis dette vil påverke turen. Difor blir ferdråd ofte kortare med folk ein kjenner godt frå før. Ein kjenner til ferdigheitsnivå og veit kva mål og forventningar dei andre møter turen med. Difor kan Echo tillate seg å ha eit kortare ferdråd med folk han kjenner godt med frå før. Informanten fortel at det berre er nokre få folk han er villig til å bli med på tur utan først å planlegge turen truleg på grunn av ansvaret og alvoret av å ta val i skredterreng.

Viktigheita av ferdråd

Når ein skal ut på tur er det viktig å finne eit felles mål (Horgen, 2010). På denne måten arbeidar alle turdeltakarane mot det same målet. Viss ikkje kan ein ende opp med at deltakarar har mål som er i konflikt med kvarandre. Blant mine informantar kom det fram at dei hadde ulike mål med toppturane. Fem informantar fortalte at å ha ein fin tur var det viktigaste, ein informant sa at nedkøyinga var viktigast og ein informant fortalte at å nå toppen var det viktigaste. Dette er med på å demonstrere at det ikkje er gitt kva folk ynskjer å få ut av ein topptur. Informant Charlie fortel om sine mål på topptur:

Jeg trot mitt hovudmål er å komme opp på toppen. Jeg er mer optatt av topper, gjerne bratte topper med traverser før eller etter toppen enn jeg er av skikjøring. Det er derfor jeg er uenig med enkelte. De fleste er opptatt av bra nedkjøring. Jeg er glad i god nedkjøring. Men det viktigaste er å komme opp på toppen selv om det er dårlig skikjøring. Jeg har jobba hardt for at det ikke skal vere toppen som er målet for en hver pris. Så jeg

prøver at toppen ikke skal vere det viktigaste. Men guri så det irriterer med når vi ikke går til toppen.

- Charlie

Informanten fortel at ho ofte har eit anna mål enn mange andre på topptur. Og har difor opplevd fleire gongar å vere ueinig med turfølge. Dette understrekar viktigheita av å ha eit ferdråd der ein finn felles mål og hindre konflikt. Dette er nokre av eigenskapane Horgen (2010) framhev i *friluftslivsvegledning vinterstid*. Målet til informanten om bratte toppar og traversar kan skape frykt hos enkelte. Eit ferdråd kan vere med på å finne felles mål og hindre konflikt (Horgen, 2010). Det vil difor være viktig for Charlie å få fram ulike ønske før tur for å unngå konflikt. Også Informant Foxtrot har erfart at det kan være viktig med ferdråd. Ho fortel om ein hending der gruppa ikkje har lyst til å planlegge turen dei skal på:

Eg og ei veninne skulle på tur med to kompisa av meg. Som i utgangspunktet ville blir en bra dag å gå på fjellet. Då guttane kom så tenkte eg at vi skulle begynne gå gjennom ruta sann at vi hadde samme turplanen. For det var to forskjellige ruter å gå opp på og forskjellige ruter ned. Eg ville at vi skulle gå den tryggaste ruta opp og den tryggaste måten å køyre ned. Og så sier guttane at vi tar det når vi kjem fram. Men eg spør kor på kartet dei har tenkt å gå. Og så sier de to guttane to forskjellige ting. Og då tenkte eg at dei ikkje har en plan i det hele tatt. Men dei ville skynte seg ut på tur. Det hadde ikkje eg lyst til. Det endte opp med at vi ikkje blei med i det hele tatt. Det var barnslig at dei ikkje ville planlegge i det heile tatt. Eg var ikkje utrygg, men vart veldig utrygg. Eg vart veldig glad for at vi har denne samtalen heime på gårdstunet heime enn at vi tar den på fjellet. For plutselig skal vi to forskjellige tura. De vet ikke kor vi skal køyre ned. De vil berre skyte seg utfor fjellet. Derfor syns eg det er veldig viktig at alle er inneforstått med at vi må snakke om ting.

- Foxtrot

I samtalen med Foxtrot fortel ho om ein annan hending der gruppa ikkje hadde planlagt nedkøyring. Noko som førte til ein nesten ulykker. Truleg hadde dette vist ho viktigheita av god planlegging. Tordsson (2006) fortel at det kan vere lurt å ein gir ut informasjon så tidleg som mogeleg, og at ein gjentar dette når det blir aktuelt. Dette vart ikkje gjort når Foxtrot såg kompisen nesten køyre utfor eit stup. Og når ho kom i ein ny situasjon der gruppa ikkje

ønskte å planlegge ønske ho å ikkje gjenta same feilen. Informanten prøvar då å få til ein felles forståing av ruteplanen. Men når turfølgjet ikkje ville, vel ho å ikkje blir med. Foxtrot påpeikar at ho heller vil ta denne samtalen heime enn ute på tur. Ein ynskjer å avdekke slike ueinigheiter så tidleg som mogleg slik at ein ikkje startar ein langvarig diskusjon mens man står i skredterreng. Informant Foxtrot fortel vidare om kvifor ho syns det er viktig med planlegging:

Eg prøva å oppnå at det ikke blir som den gangen med dei guttane. At alle føle seg trygg. At alle har en god opplevelse. At alle kan lære på turen. Og at alle føle at de like mye del av gjengen. Og eg blir tryggare viss alle vet planen og er enig i planen. Og viss alle engasjera seg. Eg har hatt med noen veninner som er helt uinteressert i å delta i planlegging. Så då føle eg meg mindre trygg. For viss det skjer noko med meg så klare ikkje den vimsen der borte vite kor vi er. Ka vi skal gjere. Eller kven vi må ringe. Viss det skulle skje noko så skal alle vite ka ein skal gjer, og ka er planen. Viss det er en person som går langt i forvegen. Så ma han vite kor han skal gå. Man har det mye finere sammen når man er enig. Alle må føle at dei kan ta orde viss dei føle seg utrygge.

- Foxtrot

Informanten viser til fleire element som er sentrale i ferdråd medan ho påpeikar viktigheita av planlegging. Ho forklarar korleis ein demokratisk struktur der alle deltar i planlegginga og blir saman einige gjer at ho føler seg tryggare. Samtidig har alle eit felles ansvar om å vite kor mann går på tur dersom det skulle skje noko. For viss det skulle skje noko så må alle vite kva ein skal gjere. Vidare vektlegg foxtrot viktigheita av ein open dialog der alle skal kunne seie ifrå. Ho fortel at dette er med på å gjere at ho og resten skal føler seg trygg på topptur. Desse elementa informanten fortel er. Informanten fortel om fleire sentrale delar knytt til turplanlegging, noko som stemmer godt overeins med mykje av Horgen (2010) framhev av ferdråd sine eigenskapar. Dette viser at informanten har lært seg å bruke ferdråd sine eigenskapar på topptur. Ofte brukar ein god tid på topptur slik at alle kan halde følge. Men dette treng ikkje alltid vere tilfelle. Informant Golf fortel om ein nyleg tur der gruppa måtte gå fort.

I går når eg var på tur så var vi tre persona som var på tur. Og då visste vi at han eine måtte på jobb klokka fem, så då var det veldig tydeleg at ditta kom til å bli ein tur der vi kjem til å gå på fordi vi har lyst til å komme til toppen, sann at vi ikkje må snu halvvegs.

Så då er heile gruppa innstilt på at no skal vi gå litt på. Det kan bli litt tungt, men det er det som er målet med denne turen. For viss vi kjeme på ein tur der det er nokon som går dritfort, du blir sliten, og det var ikkje det du var innstilt på. Kanksje du hadde med deg litt ekstra utstyr. Så berre å avklare litt sanne ting på forkant.

- Golf

Informant Golf fortel om ein tur der målet til gruppa var å gå fort. Slik at turfølge kom tilbake før ein av dei skulle på jobb. I dette tilfelle gjekk det fint å gå fort fordi alle var innstilt på det. Men informanten påpeikar at viss enkelte i gruppa går fort og ho ikkje er innstilt på det så syns ho det ikkje er noko kjekt. Dette viser at ein felles forståing av turens mål er viktig for å hindre konflikt. Dette er også noko Horgen (2010) framhev viktigheita av i *friluftslivsveiledning vinterstid*. Informanten fortel ikkje likar at folk går fort når ho ikkje er forberedt på det. Men i sitatet ovanfor går det bra gå fort fordi heile gruppa var forberedt på det. Informanten påpeikar difor viktigheita av å avklare slike ønske på forkant. Noko som ville vore sentralt å gjennomgå i eit ferdråd.

Induktiv og deduktiv læring om ferdråd

Tidlegare i resultatdelen kom det fram at kjennskap til omgrepet ferdråd var varierende. berre nokre få informantar hadde lært om omgrepet gjennom studiet. Likevel var det andre informantar som likevel brukte fleire sentrale element ved ferdråd på toppstur. I dette kapitlet skal eg ta fram nokre utsegn frå intervju som løftar fram korleis informantane har lært seg om ferdråd eller element som er sentrale for ferdråd.

Dei fleste informantane fortel om minst ei uønska hending som førte til eit endra handlingsmønster. Informantane vektlegg planlegging, dialog eller demokratisk struktur som ein mogleg løysing for å unngå at den same hendinga skal skje igjen. Dette har mange fellestrekk med det Horgen (2010) vekt innanfor ferdråd. Det opplevast difor som at fleire informantar lærar seg ferdråd gjennom ulike uønska hendingar. Informant Foxtrot eksemplifiserer dette på ein god måte:

Turen opp gjekk kjempebra. Men på tur ned så hadde vi ikkje spesifikt snakka om kor vi skulle køyre. For mange var det åpenlyst at vi køyre ned der vi gikk opp. Men han som

kjørte sist kjørte alt for langt til høgre. Han ville køyre der ingen andre hadde kjørt, for der var det fresh tracks. Så endte han opp med å med å køyre på oversida av eit stup på 20 meter. Han stoppa når han ikkje kunne sjå lengre. Det var en skavel som kunne sjå ut som en bakke. Men vi som hadde kjørt før såg skavelen. Og vi ropte alt vi hadde at han ikkje måtte køyre der. Viss han hadde kjørt lenger så hadde han kjørt utfor eit stup. Då var det dårlig dynamikk i gruppa sidan alle ikkje hadde fått seg at det var stup på sidene. Alle hadde ikkje fått med seg kor vi må kjøre. Vi trudde at dynamikken var kjempebra helt til det skjedde. Då va det nokon som ikkje hadde fått det med seg likevel. Det gikk bra. Han snudde og gikk litt opp igjen. Men viss ingen hadde sett det så kunne han ha kjørt rett utfor. Viss han ikkje hadde stoppa for å sjå så kunne han skada seg skikkelig. På den turen så lærte eg at det er viktig at man tar den samtalen. At man har en samtale når man møtast, men at man kanskje også gjentar den. Kva var det som var planen når vi kom til toppen. At vi tar en samtale om kor vi skal kjøre. Er det nokon plassar vi ikkje skal kjøre. Kanskje vi ser på kartet igjen. Det kan vere lurt å ta det igjen sann at alle veit.

- Foxtrot

Som mange andre av informantane opplevde Foxtrot ei uønska hending på topptur. Ein i følge helde på å køyre over eit stup. Noko som kunne fått alvorlege konsekvensar. Etter denne hendinga lærte informanten at ein burde prate gjennom nedkøyringa like før ein begynn å køyre ned. Sjølv om ein har prata om nedkøyringa tidlegare blir folk ofte gira og gløymer kva planen var. Det same vektlegg Tordsson (2006) i *Perspektiv på friluftslivets pædagogikk*: det er viktig å gi ut informasjon så tidleg så mogleg i rolege omgjevnadar, men at ein samtidig gjentar den rett før ein treng den. På denne måten kan ein unngå uønska hendingar. Sjølv om vi følgde denne oppskrifta opplevde eg at nokon i turfølgje gløymte beskjeden som nettopp vart gitt for andre gang. Vi forventå å starte våte sluffs, så vi måtte køyre til ei side nedover for å unngå å bli dratt med nedover. Vi prata om det rett før vi kjøyrte ned, men likevel gløymde ein i gruppa beskjeden. Vi ropte på han for at han skulle komme seg ut frå sluffet som kom bak han. Han hørte oss og svinga seg til sides. Nedanfor var ei trakt som samla all snøen og skaut fart nedover. Vi burde kanskje vore endå tydelegare på å få fram betydinga av dette før vi kjøyrde nedover. Gjerne fordi folk mentalt allereie er på nedkøyringa. Slik som Foxtrot lærar man seg ofte slike grep etter ei uønska hending. Å samle gruppa for å prate gjennom kva som vil vere relevant for oss vidare er også ein sentral del av eit ferdråd på tur. Informant Echo fortel om ein anna hending som han tok lærdom frå.

Jeg husker i fjor jeg stod med en gruppe i en bolleformasjon. Forholdene var veldig trygge. Det var begynt å bli litt dårlig sikt mens vi travaserte oppover. Det var knallharde roalerballs med nysnø over, som gjorde de vanskelige å se. Han som gikk først tråkka sporet til læraren sa at vi skulle stoppe. Men han ene var bestemt på å gå lengre. Han hadde sine egne mål og tanker. Alle andre stoppa og gjorde som læreren sa. Men han ene sa han ville bare gå 20 meter til. Han ville gjøre dette på sin egen måte. Så vi tenkte at han ikke skulle gjøre noe sinnsykt mye farligere enn oss andre. Men han travaserte opp 50 meter, og kom susende ned på ski. Og det hadde vore veldig teit om han skulle trigga noe ovenfra. Ikke at det var stor sjanse for det. Men viss det hadde begravd oss andre så hadde det vore utrolig teit. Men han bare fortsatte videre med egne motiver uten å tenke som en gruppe, men han tenkte som individ. Det var en opplevelse av at vi ikke var på bølgelengde og ikke tenkte som en gruppe

- Echo

Informant Echo fortel i om ein hending der ein i gruppa ikkje ville gjere som alle andre. Noko som potensielt kunne sette resten av gruppa i større fare. Informanten fortel at denne personen tenkte meir på egne ønskje enn det som var til det beste for heile gruppa. Ved å samle gruppa til eit ferdråd kan ein få eit mål som alle i fellesskap kan jobbe mot (Horgen, 2010). Vidare fortel Horgen at dette skal samle gruppe til å tenke på det kollektive målet og hindre motstridande ønskjer. Frå hendinga Echo fortel om har dette ikkje fungert. Den eine i gruppa tenker over egne ønskjer og ikkje over kva som er best for heile turfølgjet. Ved å vere tydeleg på dette i eit ferdråd kunne ein laga eit felles mål for turfølgjet. Og viss nokon ikkje følger det felles målet må ein minne kvarandre på den felles avtalen ein lagde før turen. Nyleg erfarte eg noko liknande: Eg gjekk ein tur med nokre venna. Det var faregrad 2 vedvarande svake lag og vi gjekk i område der skredproblemet kunne ligge. Fire av oss gjekk opp i utløpsområde med avlastningsavstand. Mens to frå gruppa gjekk saman opp i lausneområdet over oss. Som oftast går det bra, men det ville vore unødvendig og farleg om noko skulle skje. Begge desse situasjonane skildrar grupper der enkelte har andre mål eller tankar enn resten av gruppa. Som Echo påpeikar vil det gjere turen tryggare ved å tenke over kva som er best for gruppa og ikkje berre ein sjølv. Det vil difor være fornuftig å finne felles mål for gruppa før turen. Noko som er ein av ferdråd sin måte for å motvirke ueinigheit på tur. Echo tok med seg lærdom om korleis ein kan motvirke slike uønska hendingar ved først å oppleve den. Informant Charlie

har også opplev at gruppa har hatt ulike tankar om kor ein skal gå. Dette enda med krangel og diskusjon medan dei gjekk i skredterreng:

Jeg har blitt pressa litt av andre i gruppa til å kjøre plasser der jeg ikke var helt komfortabel med å kjøre. Vi var på vei opp Lodalskåpa, og så var vi uenig om ruta opp frå bødalsseter. Der min kamerat ønskte å gå opp et bratt heng der det var bra snø. Mens jeg ville gå litt tryggere, men på dårlig snø. Det var ganske dritt å gå. Så vi endte opp med å ga halvvegs opp det bratte hengt. Og jeg syntes det ikke var greitt, så vi krangla hele veien. Og så gikk vi opp den andre veien. Så ble det ganske dårlig stemning. Det ble en kjip situasjon, men jeg turte å si ifra.

- Charlie

Charlie fortel om ein tur der ho går saman med ein kompis. Men medan dei går oppover blir dei ueinige om ruteval. Informanten ynskjer å gå tryggast mogleg opp medan turfølgje vil gå der det er lettast å gå. Dette fører til at ein krangel og dårleg stemning. I tillegg går dei gjennom skredterreng medan dei kranglar. Noko som hindrar effektiv ferdsel i skredterreng. Med tanke på skredrisikoen ynskjer ein å redusere eksponeringstida. Det er difor ønskeleg å heller ta slike diskusjonar før skredterreng. Ved å samlast til eit ferdråd kunne dei funne ut at dei ville gå forskjellige vegar opp. I fellesskap kunne dei då på ein trygg plass diskutert ruteval. Enten ved å velgje den tryggaste ruta eller vurdere skredterrenget på avstand. Ved å ha eit ferdråd kan ein finne felles mål og forståing for turens krav, utifrå dette kan ein velgje turplan (Horgen, 2010). Det kan virke som informanten og turfølgje ikkje har hatt eit godt ferdråd. Dei er verken samde i ruteval eller skredrisikoen. Hadde dei hatt eit ferdråd kunne det vore enklare å bli einige. Hadde dei hatt eit ferdråd før tur kunne dei avdekka ulike haldningar til ferdsel i skredterreng, og hadde dei hatt eit ferdråd før dei gjekk inn i skredterreng kunne dei unngått krangling i skredterreng. Ein må dessverre ofte lære seg korleis ein handterer slike situasjonar ved å først oppleve dei. Informant Golf har også opplevd noko ho ikkje likar på topptur. Men har lært seg å handtere det:

Viss folk prøva å øke tempo. Eg hata at det blir stort spenn i gruppa slik at man kjeme langt frå kvarandre slik at man ikkje kommunisera. Det er berre dumt for kommunikasjonen. Då klare man ikkje å kommunisere. Man må kanskje snakke om det på førehand. Sei at man sette pris på at man helde sammen, og venta på kvarandre. Samt sei at det er viktig å halde sammen. Så viss man ser tendensar til det veldig tidleg så gir man

beskjed om at det er fint om man helde sammen. Eg går på tur med ein som er ganske rask oppover. Han har ikkje lyst til å gå frå oss, men av og til så gjer han det fordi han går i sitt eige tempo. Då pleier eg berre å sei at eg skal gå først, for då kan vi gå i eit rolegare tempo. Det er ofte min taktikk, å gå først for å holde tempo nede.

- Golf

Informant Golf fortel at ho sterkt mislikar når gruppa blir strekt utover. Dette skjer når nokon i gruppa går fortare enn resten. Dette kan skje på grunn av at nokon ikkje bryr seg om å halde gruppa samla eller fordi ein ikkje tenker over gruppa. Utfallet er uansett at det blir vanskelegare å kommunisere. Golf har lært seg å ta tak i slike potensielle utfordringar tidleg, gjerne ved å bestemme at ho går fremst eller ved å snakke om det på forehand. Viss ein snakkar om det på forehand kan ein skape ein felles einighet om at gruppa skal ha eit mål om å halde saman. Å finne felles mål for gruppa kan vere med å hindre konflikt seinare på tur (Horgen, 2010). I tillegg fortel ho at det kan vere lurt å påpeike det igjen undervegs. Slike samlingar både før og undervegs er viktige element i ferdråd (Tordsson, 2006). Det er difor ein sterk parallell mellom utføring og teori. Informanten har mykje erfaring med 19 sesongar på topptur, og har difor møtt denne problemstillinga mange gongar. Det blir difor lett å kjenne igjen utfordringar tidleg. Gjennom egen erfaring har informanten truleg lært seg sentrale element i ferdråd. Sjølv om informant Delta er på første sesong og ikkje har like mykje erfaring som Golf, har også Delta tatt med seg lærdommar frå egen erfaring:

Jeg har tenkt i etterkant at vi burde sett mer på noen ting, og hørt med lokale. Men det har gått såpass bra. Det har vært en erfaring der jeg har tnekt at å ta en samtale ilag. Det burde vi gjøre til neste gang, men ikke noe som har føltet alvorlig.

- Delta

Informanten var ganske ny til å gå på topptur, og har difor ikkje like mykje erfaring som dei andre informantane. I motsetning til dei andre informantane har ho ikkje hatt ein negativ oppleving som ho har tatt læring frå. Likevel har ho opplevd at nokon aspekt ved toppturen kan bli betre til neste gang. Ho tar difor læring frå egne erfaringar. På denne måten ynskjer ho å ikkje gjenta dei same feila. Alle informantane har på ulikt vis tatt med seg lærdommar frå skredterreng som påverkar ulike element knytt til ferdråd. Blant mine informantar er denne

erfaringsbaserte læringa om innhaldet av ferdråd den vanlegaste. Informant Echo fortel at både gjennom eigen erfaring og ved å lese har han lært om ferdråd:

Ferdråd og kommunikasjon har jeg blitt bedre på i senere tid, gjennom utdanning, litt i militæret. Nå som jeg har begynt å gå mer på topptur, så har det utviklet seg mens jeg har lært mer. Før jeg var 20 år så var dette ikke noe jeg hadde tatt stilling til i det hele tatt. Då hadde jeg ikke vert på topptur. Men jeg jobbet mye i gruppe på skole, og fotball i forsvarret. Og alt mulig andre ting. Jeg føler du kan dra paralleller til andre deler av livet hvor man også kan ha valgt å gjøre de tingene som blir beskrevet når man er på tur.

- Echo

I intervju med informant Echo vektlegg han tre grunnar til at han har blitt betre på ferdråd: samarbeidsoppgåver frå andre delar av liver, egen erfaring på topptur og litteratur. Gjennom ulike gruppe og samarbeidsoppgåver frå forsvarret, jobb og fritid har informanten tatt med seg ulike erfaringar. Gjennom desse erfaringane ser han parallellar til ferdråd på topptur. I tillegg har Echo gjort seg erfaringar på topptur, og tatt læring frå desse. Dette med stor grad av samsvar til fleire av dei andre informantane. I samtalen med Echo kjem det fram at informanten også har tileigna seg kunnskap om ferdråd ved å lese. Informanten har tatt ein bachelorgrad i friluftsliv og har difor blitt eksponert til omgrepet ferdråd. På denne måten har han dratt parallellar frå ferdråd i ein tradisjonell setting til ferdråd på topptur.

Det kjem fram at informantane i størst grad lærar om ferdråd sine eigenskapar gjennom egne erfaringar. Dette samsvarar godt med Vikene et al. (2016) skildrar induktiv læring. Derimot er det berre ein informant som fortel å bli kjent med omgrepet ferdråd gjennom teori og dermed deduktiv læring. Vikene et al. (2016) fortel at induktiv læring i stor grad har vore føretrekt innan friluftslivsaktivitetar. Men denne måten å lære på har også baksider. Spesielt når ein skal lære i situasjonar med dårlege miljøforutsetningar. Konsekvensen av eit dårleg val på topptur kan føre til ulykker og død. I tillegg kan det vere vanskeleg å vite om eit skred vil lausne. Dette vil alltid vere med å prege val på topptur uavhengig av kompetanse i gruppa. Bentsen et al. (2009) fortel at når ein i større grad må passe på sikkerheit vil deduktiv læringsmåte ofte være gunstig. Seinare i kapittelet kjem det fram at ferdråd kan vere med å motvirke negativ konsekvens av menneskelege faktorar på topptur. Ein kan då lure på om å ein deduktiv læring av ferdråd kan gjere at ein blir kjent med omgrepet tidlegare og dermed kan motvirke noko av den negative effekten av menneskelege faktorar utan at ein må oppleve

dei først. Dette kan tyde på at ein deduktiv læring av ferdråd kan være gunstig. Innan skredlitteratur fortel både Brattlien (2021) og Nes (2022) om bruk av ferdråd på topptur. Derimot blir ikkje dette nemnt i NF sin skredkursmal. Hadde dette blitt brukt på skredkurs kunne det ført til at deltakarane hadde lært seg ferdråd fortare.

Effekten ferdråd har på menneskelege faktorar

Så langt har vi sett at kjennskap og bruk av ferdråd er varierende blant informantane. Og at informantane i stor grad lærer ferdråd gradvis gjennom egne erfaringar på topptur. Dette ledar oss inn mot kva effekt kan ferdråd ha på menneskelege faktorar. Dette vil då gi eit godt bilde av hovudproblemstilling; *Korleis brukar toppturentusiastar ferdråd for å identifisere og motvirke negative innflyting av menneskelege faktorar?* Og underproblemstilling: *Korleis lærer toppturentusiastar om ferdråd?* I teoridelen av oppgåva kom det fram at fleire menneskelege faktorar påverkar våre val enn berre dei som McCammon (2004) presenterte. Difor vart det presentert nokre fleire i teorikapittelet utover dei vanlege FACETS. For å skilje mellom dei McCammon (2004) presentera og eg presenterte i teorien blir resultatata for *effekten av ferdråd på menneskelege faktorar* delt i to.

FACETS

I denne delen blir dei menneskelege faktoranene som McCammon (2004) utforma sett i samanheng med sitat frå intervju med mine informantar

Familiarity

Når vi går på topptur på kjente fjell brukar vi mindre tid og energi på å vurdere snøstabiliteten. McCammon (2002) fortel at dette skjer fordi vi ikkje klarer å skilje mellom tidlegare erfaringar når vi er i ein liknande setting. Dette skaper ein falsk form for trygghet. I staden for å bruke tid på ein analytisk vurdering gjer vi berre det som har fungert tidlegare. Ofte går dette bra, men ein sjeldan gang kan det gå skred på uvanlege plassar. Fleire av informantane fortel at dei brukar planlegg mindre og er mindre observant på kjente fjell:

Jeg senker skuldrene litt på fjell som jeg kjenner. Det bør kanskje ikke vere det, men det er jo litt at da på forhånd hvor det blir bratt, det er noe annet enn å se på kart, da vet du ikke helt hvordan formasjonene er.

- Delta

Informant Delta vedkjenner denne følelsen av å slappe litt meir av i kjente fjell. Dette tilsvara korleis Johnson et al. (2020) skildra *familiarity*: Ein skil ikkje mellom tidlegare erfaringar og dagens forhold. Baksida med dette er at ein blir mindre oppmerksam på teikn frå snødekke, ikkje like aktivt vurderer brattheit og kanskje fokusere mindre på skredvarselet. Ein går då glipp av viktig informasjon som kan påverke val for vidare ferdsel, dette er også noko Tremper (2018) framheva i *Staying alive in avalanche terrain*. Eit godt ferdråd vill kunne ta tak i dette. Faarlund (2015) fortel at eit godt ferdråd sørger for god argumentasjon og kunnskapsdeling. På denne måten sørger ferdråd for at turfølgje bli meir bevisst på mangelfull konsentrasjon på skredvurdering. Dermed blir vi uoppmerksam på det som er uvanleg for denne dagen. Når informant peikar på at det ikkje burde vere slik så kan det tyde på at det er nokon av desse negative påverknadane på vurderingsevna ho tenkjer på. Informant Foxtrot fortel også at ho merka at ho er mindre fokusert i kjent terreng:

Viss eg har vert på det fjellet tusen ganga før, så sjekka eg ikkje kartet og planlegg ikkje like mykje. Eg har gjerne funne ei løype som fungera bra på dei fleste dagar. Det negative kan være at man kan oversjå ting. Viss man ikkje sjekka Varsom på samme måte. Så kan det vere skredproblem som man ikkje tenke over. Eg er litt mindre bevisst og meir avslappa når eg har vore på samme fjell mange ganga. Det kan nok vere en dom ting.

- Foxtrot

Informanten fortel at på kjente turar brukar ho mindre tid på å planlegge på forkant, sjekkar brattleikskartet sjeldnare og er mindre oppmerksam. Dette kan ha negativ effekt på val ein tar på topptur. Det er viktig å få med seg så mykje informasjon som mogeleg for å kunne ta gode val på topptur (Tremper, 2018). Når informant ikkje tar til seg like mykje informasjon fordi ho er på ein kjent plass vil det gje eit dårlegare grunnlag for å kunne ta ruteval. Ho fortel vidare at ho vel ruter som fungera dei fleste dagar. Når informant seier dei fleste dagar tyder det på eit ruteval med litt eksponering til skredterreng. Då er det viktig å få med seg dei dagane det ikkje er trygt å gå denne ruta. Johnson et al. (2020) *familiarity* skjer fordi ein ikkje klarer å skile mellom tidlegare erfaringar og dagens forhold. Når ein då ikkje er like oppmerksam blir det vanskelegare å innsjå om dette er ein ekstra farleg dag. Og dermed vanskelegare å finne ut om ein burde gå ein tryggare rute enn vanleg. Når ein går på topptur ser ein ofte at skispora går opp gjennom skredterreng sjølv om det er mogleg å gå utanom.

Spora går der fordi det gjerne er kortare enn å gå rundt skredterreng og på dagar med låg snøskredvarsel går det oftast problemfritt. Likevel ser ein spor blir lagt same plass uavhengig av snøskredvarselet. Ein sjeldan gang ser eg nylege skispor med skred over seg. Om desse skigåarane har fått med seg skredproblematikken og at ein kanskje burde unngå skredterreng denne dagen er ikkje godt å vite. Det er viktig å få med seg skredvarselet og fareteikn slik at ein kan ta gode val på topptur. Ved å ikkje sjekke brattleikskart og Varsom kan ein få ein vane med å legge ruta på plassar som i enkelte tilfelle kan være farlege. Viss ein i tillegg er dårlegare på å bruke skredvarselet og er mindre oppmerksam kan ein ende opp med å gå i skredterreng på feil dag. Det vil alltid vere viktig å vite korleis snøstabiliteten er i det området ein går. Informanten fortel om å bli med andre på tur der dei er kjent med terrenget.

Viss eg er på besøk i Volda. Så har ho som er naturguide der vore på fjellet der tusen ganga. Vi slenge berre på turutstyret og så prata vi litt lett om det på tur opp. Men viss ingen har vert der før så blir planlegginga meir sentral. Men det spørts kven eg er med. Viss eg føle meg veldig trygg med en person så trengje eg mindre at vi prata om det før vi går. Men viss eg er utrygg så vil eg spurt litt mer.

- Foxtrot

Informanten fortel her at viss ho går på topptur med nokon som kjenner fjellet godt så brukar ho mindre tid på planlegging. Det vil alltid være viktig å ha en god forståing av skredvarselet og bruke tid på det. I tillegg er det viktig å få ein felles forståing av kva skredproblemet er, korleis det vil påverke dagens tur og kva ferdselsmønster vi burde bruke i forhold til dagens forhold (Brattlien, 2021). Ved å ikkje bruke tid på dette kan det føre til at ein ikkje får ein felles forståing av ruteval. Noko som kan føre til ueinigheit seinare. Tordsson (2006) fortel at det er viktig å gi ut informasjon så tidleg som mogleg. På denne måten kan man være meir effektiv i ruteval og slutningar undervegs. Når ein har gått på dei same fjella over fleire år kan ein merke seg at enkelte plassar går det av og til skred medan andre plassar kan det verke som det aldri går skred. Av og til brukar folk dette som argument når dei skal vurdere snøstabiliteten i skredterreng. Feilen med dette er at ein tar fokuset vekk frå om snøen i det aktuelle henget er stabilt i dag til at tidlegare har det vore stabilt. Fleire av informantane fortel om episodar der folk i turgruppa har sagt dette i ein eller annan form. Utan at dette har ført til farlege situasjonar. Dette fortel informant Foxtrot:

Det er ofte at folk seie sann: der bruka det å gå skred, eller der bruka det ikkje å gå skred. Eg trur det kan vere positivt å sei at her pleie det å gå skred. For då tenke man at her går det ofte skred. Men så er det dumt for då kan man sei at her bruka det ikkje å gå skred. Men då kan man sei at det bruka det ikkje å gå skred. Då går man der. Og det er kjempedumt. Eg har ikkje blitt heilt enig med meg sjølv. Er det bra å sei det eller dumt å sei det. Samboeren min synes det er kjempedumt å sei det. Men eg tenke det kan vere bra å sei at her bruka det å gå skred. Men det er ikkje bra å sei at her bruka det ikkje å gå skred.

- Foxtrot

Frå sitatet kjem det fram at informanten har møtt andre som brukar om det har gått skred på ein plass før som eit argument om det er trygt å gå inn i skredterreng. Enten som det pleier ikkje å gå skred her difor er det trygt eller som det pleier å gå skred her difor er det ikkje trygt. Foxtrot fortel at ho trur det kan vere positivt å sei at det pleier å gå skred på ein plass. Truleg fordi det kan vere med å auke bevisstheita. Men at å bruke at det ikkje har gått skred på ein plass før som argument vil vere negativt. At det ikkje har gått skred på ein plass før fortel ingenting om dagens forhold. Dominerande vindretning gjere at enkelte heng oftare lasta med vindtransportert snø og dermed meir skredutsatt (Tremper, 2018). Dermed kan enkelte heng oftare lausne skred medan andre tilnærma aldri lausne skred. Men dette tilseier ingenting om snøforholda på enkeltdagar. Kanskje har forholda vore annleis enn tidlegare år. Og no ligg skredproblemet i eit heng som ikkje pleier å lausne skred. Det er difor viktig å vurdere faktorar som påverka snøstabiliteten. Landrø (2021) fortel at på topptur må ein vurdere og revurder samspelet mellom faktorar som påverkar snøstabiliteten. For å kunne gjere ein analytisk heilskapleg vurdering er det difor viktig å ikkje gå glipp av informasjon om skredrisikoen. Informant Foxtrot fortel at ho tenkjer at det vil vere negativt å sei at det ikkje kan gå skred ein plass fordi det ikkje har gått skred der før. Men vidare i samtalen begynn ho å fortelje om eit fjell ho kjenner godt der ho ikkje har sett snøskred før:

Det er eit fjell rett bak huset der eg kjem frå. Og det er eit fjell som alle tenke at der går det ikkje skred. Det har aldri gått skred der så lenge eg har levd. Det går aldri skred der. Der kan man nesten sei at det ikkje går skred der. (...) Eg høre eg prata litt mot meg sjølv. For eg seie at på det fjellet så går det aldri skred. Men man skal ikkje sei at det aldri går skred der.

- Foxtrot

I intervju fortel informant Foxtrot at nokre personar meina at nokre fjell er trygge fordi det ikkje har gått skred der før. Sjølv om desse fjella har skredterreng. Det meina ho er negativt fordi det kan alltid gå skred i skredterreng sjølv om det ikkje har gjort det før. Ho peikar her på den menneskelege faktoren *familiarity* slik Johnson et al. (2020) forklarar den. Ho viser dermed kunnskap om menneskelege faktorar. Likevel kan vi sjå frå sitatet at informanten sjølv går i den same fella. Ho fortel om eit av fjella informanten sjølv kjenner best. Det er difor ikkje unaturleg å føle seg tryggare der. Sjølv om det fjellet informanten prata om har fleire lausneområder. Det er også lett å tenke at sidan det ikkje har gått skred der før vil det ikkje gå skred der igjen. Denne tankerekka ser vi informanten går gjennom i sitatet. Dette viser kor lett ein kan komme inn i ein tankegang som kunne ført til ein menneskeleg faktor sjølv om ein er bevisst på dei. Derimot tar informanten seg sjølv i å prate mot seg sjølv. Det at det ikkje har gått skred der før betyr ikkje at det ikkje kan gå skred. Informant Golf har også gått på tur som brukar det som argumentasjon:

Eg høre folk sei at her pleie det ikkje det å gå skred. Men eg tenke at så lenge det er skredterreng så kan det gå skred, så det er ikkje eit logisk argument. Eg ville nok berre sagt at viss det er over 30 grader så kan det gå skred. Det er ein naturlov. Så det kan skje på dei rette forhold.

- Golf

Informant Golf har fleire gongar høyrte folk fortel om ein plass der det ikkje pleie å gå skred. Men dette fortel Golf ikkje er eit logisk argument. Som nemnt seier dette ingenting om snøstabiliteten denne dagen men om stabilitetsforholda tidlegare. Informanten fortel at snøskred kan skje så lenge terrenget er over 30 grader, noko som stemmer med *staying alive in avalanche terrain* av Bruce Tremper (2018). Argumentasjonen som nokon brukar stemmer difor ikkje. Dersom informanten møter ein slik argumentasjon vil ho påpeike denne naturlova om at skredterreng er terreng over 30 grader. Nyleg opplevde informant Echo at nokon i turfølgje brukte denne argumentasjonen på toppur:

Vi gikk opp en rygg, og skulle travasere og var eksponert for et lite heng over et lengre tidspunkt mens vi gikk bortover. Men det skulle være veldig ille forhold viss det

skulle løsne der, viss det skulle fjernutløses og at det skulle ha noen dårlige konsekvenser. Da sa han ene sann: Her pleier det ikke å gå skred. Her har det sjeldent gått skred. Og jeg tenkte bare hørte du hva du sa. Nå prater du utifrå statistikk. Jeg har lært meg stikk motsatt. Med en mer analytisk metode, hvor man er som en detektiv. Ikke med forstørrelsesglass, men du går rundt og graver, og kjenner, og føler og sanser. Utifra alle de tilbakemeldingene du får ved å være skjerpa med sansene, føle, høre, se, graving og ved å vite hva du skal se etter. Så kan du få de svarene du vil ha. Men å si her pleier det ikke å gå skred. Det er en av de menneskelige faktorene. (...) Når jeg har hatt kunnskap om de menneskelege faktorene så har jeg påpekt det der og då.

- Echo

Informant Echo fortel om ein hending der ein i turfølgje brukte at det ikkje pleie å gå skred som argumentasjon for å kunne gå inn i skredterreng. Echo reagerte sterkt på dette fordi det går imot måten han pleie å ta vurderingar på topptur. Informanten skildrar sin måte som ein analytisk detektiv som bruka sansane for å kunne forstå skredproblematikken. Utifrå dette kan han sei om skredproblemet er til stede eller om det er trygt. Denne analytiske vurderinga av korleis faktorane påverkar skredrisikoen samsvar godt med Landrø et al. (2020) skildrar måten skredexpertar vurderer. Derimot fortel ikkje argumentasjonen turfølgje brukte noko om stabilitet og skredproblem. Argumentasjonen tyder på at under vanlege forhold går det ikkje skred difor går det mest sannsynleg bra. Dette er meir ein sannsynsvurdering enn ein analytisk vurdering. Dette fortel ingenting om stabiliteten i snødekket og skredrisikoen denne dagen. Echo påpeikar at dette er ein av dei menneskelege faktorane. Vidare i samtalen fortel han at når han kjenner igjen at folk går inn i ein tankegang som kan føre til ein av dei menneskelege faktorane så pleie han å påpeike det. På denne måten kan han gjere gruppa bevisst på feilslutningar ved tankegangen.

Den demokratiske strukturen i ferdråd kan fremme god argumentasjon og kunnskapsdeling. Dette gjer at gjennom eit ferdråd kan ein avdekke når ein ikkje brukar ein analytisk vurdering på topptur. Ved å samle gruppa når ein skal vurdere enkeltheng kan ein få fram argumentasjonen folk brukar for å gå inn i skredterreng. På denne måten kan bevisstgjere folk som brukar ein tankegang som kan føre til menneskelege faktorar. Difor kan ferdråd sitt mønster om å samle gruppa ved kritiske punkt motvirke menneskelege faktorar på topptur.

I intervju fortalt fleire informantar at dei brukar mindre tid på planlegging, er mindre oppmerksom og brukar argumentasjon som *her går det aldri skred* når dei går på kjente fjell. Dette er truleg ein del av årsaka som kan føre til den menneskelege faktoren *familiarity*. Når ein brukar mindre tid på planlegging får ein i mindre grad med seg skredproblema. Når ein i tillegg er mindre oppmerksom kan det hende ein overser fareteikn. Noko som kunne tilseie at ein burde holde seg unna skredterreng. Men ved å bruke mindre tid på planleggingsdelen kan ein bli mindre bevisst på kor det er skredterreng. I kjent terreng følg ein gjerne andre sine spor eller der ein har gått før. Dette kan føre til at ein kan ende opp i skredterreng på feil dag. McCammon (2002) fortel at den *familiarity* skjer fordi ein ikkje klarer å skilje mellom tidlegare erfaringar og dagens forhold. Viss folk har fått med seg at dei går inn i skredterreng brukar dei at det ikkje pleier å gå skred som eit argument. Dette argumentet vurderer ikkje risikoen for skred, og seier ingenting om snøstabiliteten.

Ved å samlast i eit ferdråd før tur kan ein i fellesskap finne ut av skredrisikoen og skredproblematikken. Ein kan då gjere folk meir bevisst på kva fareteikn dei skal sjå etter. Ut frå dette kan ein lage ein turplan som unngår skredterreng og peike på kor den vanlege ruta ville gått gjennom skredterreng i staden for rundt. Undervegs kan ein samle gruppa for å vurdere risikoen for skred. Viss nokon brukar argumentasjon om at det ikkje brukar å gå skred kan ein ta tak i dette i kretsen. Faarlund (2015) fortel at ferdråd er med å sørge for god argumentasjon og kunnskapsdeling. På denne måten kan ferdråd vere med å motvirke negative konsekvensar av den menneskelege faktoren *familiarity*.

Acceptance

McCammon (2004) forklarar at *acceptance* skjer når vi overser fareteikn fordi vi skal prøve å imponere andre. På topptur kan man bli med folk som har tenkt seg til eit fjell over evne fordi ein vil at dei skal tru at man er god. Under intervju er det ingen hending der det er lette å peike på denne faktoren som årsaka. Derimot fortel nokre informantar Foxtrot at målet med topptur har endra seg. Frå å vel bratte toppar fordi andre har vore der til å vel fjell etter evne.

No er målet å kose meg med nedkjøring, komme på toppen og ha en skikkelig fin tur. Kose meg på tur opp, og kose meg på tur ned. Eg trur at for to år sia så hadde eg lyst til å stå på dei kule toppane. Eg hadde lyst til å gå på ein topp fordi andre hadde gjort det og fordi det var kule toppa. Kanskje sjølv om den var utanfor mine ferdighetsnivå. Men no tenke eg at eg ikkje har lyst til å gå på toppa som er for vanskelige, eg har kun lyst til å gå på toppa som eg kan mestre. Eg lika å føle at ditta fjellet er passande for meg. Når eg

budde i Tromsø, så skifta eg litt. Eg var omringa av folk som ville på dei kule toppane. Det var ikkje gått nok å berre gå på eit lite fjell. Man måtte på et ordentleg fjell. Et høgt og fint fjell. Men kva vinne eg på det. Eg vinne ingenting, og bryr meg ikkje om det. Eg skal ikkje bli skiproff. Så eg treng ikkje gå på dei fjella der. Eg vil berre kose meg og vil ikkje vere redd på topptur. Å dermed tok eg eit steg tilbake. Eg trur også at eg har begynt å omringe meg med folk som har litt større bevissthet rundt skred. Eg syns at sikkerhet er mye viktigare enn at fjellet skal være kult. Viss eg ikkje hadde vore på noken kule fjell i det siste så følte eg at eg ikkje hadde gjort noko nyttig. Eg hadde bare dreve dank. Eg hadde ikkje gjort alt det kule som alle andre hadde gjort.

Informant Foxtrot fortel at ho tidlegare har valt toppturar på grunn av at andre har vore på nokon kule fjell. Ho beskriv det nesten som eit press på at ein måtte på dei kule toppane. Sjølv om toppturane var over hennar ferdigheitsnivå. Det verkar difor som informanten valde toppturar ut ifrå kva andre gjorde. Og truleg vart informanten påverka av andre sin oppfatning av ho. Noko som kan ha ført til at ho gjekk på turar som ikkje var etter evne. Dette ønske om å passe inn i toppturmiljøet kan minne om *acceptance* slik Johnson et al. beskriv den menneskelege faktoren. Etter kvart har målet med topptur endra seg for informanten. No vel ho heller turar etter evne og går med folk som er meir opptatt av sikkerheit enn kule fjell. Det ser ut som informanten har hatt ein endring frå å bry seg om å passe inn i eit toppturmiljø fokusert på kule fjell til å vel tur etter egen evne og forhold. På denne måten kan ho unngå at den menneskelege faktoren *acceptance* får negative konsekvensar for ho.

Ferdråd sitt prinsipp om likeverd gir alle moglegheit og ansvar til å sei ifrå viss noko skulle dukke opp. Når nokon prøvar å imponere gruppa eller ikkje vil skilje seg ut kan det føre til ulykker som følgje av den menneskelege faktoren *acceptance*. I begge desse tilfella kan ferdråd vere med å ta tak i problematikken. Viss nokon har tenkt til å ta stor risiko har alle eit felles ansvar om å samle gruppa i eit ferdråd. På denne måten kan ein analytisk vurdere skredrisikoen i det aktuelle hendet. Ved å samlast i fellesskap i kretsen sørger ein for god argumentasjon og kunnskapsdeling. Dette kan avdekke farlege ønsker, og gjere toppturen tryggare.

Commitment

Nokre av informantane fortel om hendingar som kan vere tilknytt den menneskelege faktoren *commitment*. Enten fordi dei ikkje har ein plan B eller fordi fokuset til gruppa blir så einseitig

at ein ikkje har alternativ. Informant Bravo fortel om ein tur der det einaste reelle alternativet var å køyre ned eit farleg heng:

Vi var på tur der vi skulle gå relativt langt, og så kom vi til kanten der vi skulle ned. Det seks tima tilbake der vi kom frå, men då ville det bli mørkt. Så vi satte utfor fordi vi ikkje gadd å gå rundt. Då gjekk heile dritten. En kompis vart tatt. Han havna ikkje heilt under. Det var en eye-opener. Det var tidleg i karrieren, og det satte preg. Det var litt ubehageleg. Vi gikk trygt opp. Og så stod vi å diskuterte om det var trygt å sette utfor en skavel. Og så kom vi fram til at det ikkje var trygt, men så satt vi utfor likevel.

- Bravo

Bravo og kompisen enda opp i ein situasjon der dei måtte velgje mellom å bruke seks timar tilbake og mørkne ute eller å køyre gjennom eit skredfarleg heng. Men å bruke seks timar tilbake var eit dårleg alternativ. Johnson et al. (2020) fortel at ein faktor som føre til mange menneskelege faktorar er oppleving av avgrensa tid. At informanten ikkje ville gå tilbake kan komme av denne følelsen av avgrensa tid. Dette har fleire fellestrekk med erfaringar Tremper (2018) fortel: mange folk vil heller prøve lykken i eit usikkert heng enn å gå rundt. Når informanten kom fram og måtte ta eit val vurderte dei at ikkje var heilt trygt. Dei følte då at dei hadde ingen gode alternativ. Dette resulterte i at kompisen vart tatt i eit snøskred. Dersom Bravo og kompisen hadde hatt eit trygt og godt alternativ ned ville dei truleg heller valt det. Denne hendinga viser viktigheita av å ha ein god plan B. Også informant Foxtrot har vore på tur der commitment har vore med å påverke vurderingane:

Det var en gang vi skulle dra opp i ei renne som er veldig populær å køyre tidleg på året. vi gikk dit, gikk opp renna utan at nokon va interessert i å grave ein snøprofil eller vurdere om det kunne gå eit skred. Eg fekk følelsen at vi skulle opp her. det var litt dumt at vi ikkje tok noko vurdering av stabiliteten. Vi tok ein vurdering på kor vi skule gå. Vi vurderte om det var for bratt for oss. Om det så ut som det var mye snø i renna. Det var tidleg på året. Så det lå ikkje noe flak. Så no når eg ser tilbake på det så tenke eg det går heilt fint. Eg trur vi alle hadde målet om at vi skulle på den turen, vi skulle køyre den renna. Vi skulle være tidlegast ute. Før alle andre. Den skredvurderinga hadde liten plass på turen. Vi tenkte meir på å være tidlegast ut av alle andre.

- Foxtrot

Informant Foxtrot fortel frå ein topptur der dei hadde bestemt seg for å køyre ned ei renne. Ho opplevde at dei ikkje vurderte snøstabiliteten i denne dagen, men var meir opptatt av å komme før andre. Dei vurderingane som vart gjort var om det var for bratt for dei å køyre og om kor det var best å gå opp. Fokuset på turen var difor berre på at dei skulle køyre ned renna. McCammon (2002) fortel at når vi har tatt eit val vil vi at alle val etter dette skal vere i samsvar med det først uavhengig av ny informasjon. Grappa hadde bestemt at målet for dagen var renna, når dei då begynte å gå ønskte dei å halde fram med målet utan å oppsøke det som kunne gi ny informasjon. Dersom ein ikkje har fokus på stabiliteten vil ein gå glipp av informasjon som kan påverke vurderingane. At grappa var så låst til planen om å køyre ned renna kunne ført til ei ulykke, som var påverka av den menneskelege faktoren *commitment*. For å motvirke dette burde nokon i tatt eit initiativ til eit ferdråd. Då kunne ein løfta fram diskusjon om snøstabiliteten slik at fokuset berre låg i nedkøyringa. Ved ein anna hending opplevde Foxtrot igjen at fokuset til grappa var på toppen og ikkje på snøstabiliteten:

Ein tur der folk rundt meg blei veldig ivrige og ville på toppen utan å tenke seg om var for nokon år sidan. Nokon vennar av oss skulle på eit bratt fjell. Eg har ikkje noko der oppe å gjere. Ikkje vennane mine heller. Men så var det nokon andre som var veldig gira på topptur. Dei hadde et friår der dei gjekk masse tura gjennom heile Norge. Dei inviterte med seg mine venna og meg til å være med. Men eg tenkte vi ikkje kunne gjere det på grunn av skredfaren. Eg hadde ikkje tenkt til å reise dit, sjå opp renna for så å køyre heim igjen. Eg kjem meg ikkje opp der, og har heller ingenting der å gjere. Men vennane mine tenkte at det var et kult fjell. Så dei satt seg i bilen og kjørte. Det var en tankegang eg ikkje syns var så kul. Eg har ikkje lyst til å være hodelause høns på tur.

- Foxtrot

Informanten fortel at ho og nokre venna bli invitert med til å gå på eit utfordrande fjell, men på grunn av skredrisikoen ønsker Foxtrot ikkje å bli med. I tillegg er dette eit bratt fjell som vil vere vanskelege å køyre ned. Sjølv om skredrisikoen er høg og fjellet er bratt vel veninnene til Foxtrot å bli med medan Foxtrot blir igjen. Ut ifrå intervjuet med informanten høyrast det ut som grappa valde fjellet før dei vurderte skredrisikoen. Ein bør velgje fjell etter forholda (Nes, 2021). På denne måten sjå på kva som er mogleg under dagens forhold. For enkelte kan toppen bli målet:

Eg trur mitt hovudmål er å komme opp på toppen. Eg er meir opptatt av toppen, gjerne bratte toppar og traversa enn eg er av skikjøyringa. Det er derfor eg er ueinig med

enkelte. Dei aller fleste er opptatt av bra nedkjøring. Eg er veldig glad i god nedkjøring, men det viktigaste er å komme opp på toppen sjølv om det er dårleg skikjøring. Eg har jobba hardt for at det ikkje skal vere toppen som skal vere målet for en kvar pris. Så eg prøva på at toppen ikkje skal vere det viktigaste. Men guri så det irritera meg når vi ikkje går til toppen.

- Charlie

For informant Charlie er toppen det viktigaste på topptur. Noko som nokre gongar har ført til ueinigheit med andre som er meir opptatt av skikjøringa. Bakdelen med å ha toppen som målet er at ein ikkje alltid kan trygt komme seg til toppen. Og dersom ein bestem at toppen er målet kan det bli vanskelegare å innsjå viss forholda ikkje tilseier at det trygt. McCammon (2002) forklarar dette med at vi likar når våre val heng saman. Når vi då har bestemt oss for å nå eint topp unngår vi å ta til oss ny informasjon for å kunne fortsette til toppen. Folk kan ha ulike mål med å gå på topptur det vil då vere lurt med eit ferdråd for å avdekke ulike mål. Faarlund (2015) fortel at ferdråd kan avdekke ulike mål og hindre usemje.

I intervju kjem det fram fleire eksempel der informanten eller andre har eit einseitig fokus. Enten fordi dei føler dei ikkje har eit anna alternativ eller fordi dei hadde eit mål dei ville oppnå. McCammon (2002) fortel at den menneskelege faktoren *commitment* er eit resultat av at vi ikkje ønsker å endre planen. Når ein då ikkje tar til seg ny informasjon som kan påverke skredrisikoen så kan det føre til ein farleg situasjon. Av og til går folk på topptur med ein topp eller ein nedkjøring som dei har planlagt. Nokon kan vere ganske låst til dette ønsket. Før tur er det då viktig å samle gruppa til eit ferdråd. Her kan ein avdekke ulike ønsker, slik at ein kan finne felles mål ut frå forholda. Ein kan då legge ein turplan der ein tar val før kritiske punkt, og sørge for at ein har attraktive alternativ. På denne måten blir ein ikkje like låst til egne mål. Undervegs har alle ein felles ansvar for å sørge for at ein samle kretsen og revurdere planen.

Expert

Ofte er det nokon i gruppa som står fram som meir erfarne enn andre. Dette kan ende opp med at dei med mindre erfaring legg ansvaret av vurderingane på den med meir erfaring. McCammon (2004) framhev at vi ofte stolar på ein uformell leder til å ta vurderingane for oss, sjølv om det ikkje alltid er dei mest forsvarlege vala. Noko som gjer at berre ein person tar vurderingane. Eventuelt kan denne personen tru at nokon andre tar vurderingane og difor

tar ikkje ansvar for å vurdere. då kan ein ende opp med at alle trur at nokon andre tar vurderingane. Under intervju fortel dei fleste informantane om enten å vere ekspert eller at andre er ekspert i gruppa. Informant Alfa fortel at ho går med andre som kan meir enn ho og difor stolar mykje på dei.

Eg har ikkje så mykje erfaring som mange andre. Eg stolar ikkje blindt på dei, men man legge seg litt flat fordi andre har meir kunnskap enn meg. (...) Eg stola på godt og vondt veldig på dei jentene eg går med

- Alfa

Informant Alfa fortel at mange av dei ho går med har meir erfaring og kunnskap enn ho. Ho stolar difor mykje på dei ho går med. Dette kan vere uheldig viss informanten opplev noko som utrygt, men vel å ikkje sei noko fordi ho trur dei andre tar vurderingane. Om dette skjer tilsvara dette på mange måtar slik McCammon (2004) skildrar den menneskelege faktoren *expert*. Ein lar då *eksperten* i gruppa bestemme sjølv om vala hen tar ikkje naudsynt er dei mest forsvarlege. Derimot fortel Informanten at ho ikkje stolar blindt på dei, men innrømmer at ho stolar mykje på dei. Det vil likevel bli dei med mest erfaring som må ta vurderingane. Å vere den med mindre kunnskap kan vere vanskeleg. Fordi ein ikkje stolar på eigne vurderingsevne og fordi ein ikkje alltid veit kva spørsmål ein burde stille. Og ein kan ende opp med følgje på dei med meir kunnskap i trua at dei veit best. Sjølv om informant Golf er vant med å vere den som er ekspert og bestemmer på topptur let ho andre ta vurderingane når ho føler dei kan meir enn ho:

Når eg går på tur med andre som er meir erfarne enn meg lar eg gjerne dei styre. Det er nok fordi eg er så lei av å være den som er ansvarlig. Eg veit det er dumt. Eg stolar på andre dersom eg følar andre har meir kunnskap enn meg. Og då kan kanskje dei overbevise meg. Kanskje kompetansen deira kan overbevise meg om at det går grett.

- Golf

Sjølv om informant Golf har mykje erfaring og er vandt med å vere den som tar ansvar på topptur blir ho også mindre deltakande når andre har meir erfaring. Golf fortel at ho ofte endar opp med å vere den som har mest erfaring og difor må ta ansvar for gruppa. Men når nokon andre har meir erfaring er det behageleg å sleppe å vere den som tar ansvar. Difor let

ho andre gjere det når dei har nok erfaring. Med tanke på at Informant Golf har mykje erfaring er det tenkeleg at når ho ikkje deltar i vurderingane blir ansvaret i større grad lagt på nokon med mindre erfaring. Priest & Gass (2017) fortel at det ikkje alltid er den med mest kompetanse som blir *ekspert*, men ofte den som står fram som mest erfaringsrik. I tillegg fortel informanten at når andre har meir kunnskap og erfaring så lar ho seg bevise av denne erfaringa og difor lar dei bestemme. Dette resultera i at færre folk tar avgjersle. Noko Golf har kompetanse til å gje innspel på. Dette viser at også erfarne toppturentusiastar let andre vere ekspert i gruppa, noko som kunne ført til den menneskelege faktoren *expert*. Informant Foxtrot har også opplevd at andre er *expert* i gruppa. Men ho har funne ein god måte å bruke kompetansen på:

Eg har kunnskapa om skred, men det er vennar rundt meg som kan mykje meir om skred enn meg. Vi var no nyleg i alpane. Og der gjekk vi på en topptur. Det var nytt terreng for oss alle. Men vi gjekk ein tur som var veldig vennleg. Og veldig populær. Og hadde fått den turen anbefalt av nokon guida. Men så kom vi til ei side som var 35 grader. Dei som var med meg kunne forklare at snøen oppå er laus og ikkje bunden. Då kunne de trygge meg med snøkunnskap. Dei forklarte det til meg. Og eg kunne forstå det dei forklarte meg. Men om eg hadde vore aleine så eg kanskje ikkje gått der. (...) Eg prøva å engasjere meg til å være med.. Eg stiller gjerne spørsmål. Og spør ka betyr det her. Korleis vurderer du det her. Og då er som regel dei som er mykje på tur gode til å forklare meg. Kanskje dei utelukka ting automatisk. Men så merka eg at dei ikkje har tatt det opp. Så har eg tatt opp vindretning men så har det vore litt sjølvforklart. Då har dei ikkje prata om det fordi dei tenkte det ikkje er eit problem her. Eg syns det er betre at eg tek det opp slik at det blir sagt. Sånn at det ikkje berre har blitt gløymd.

- Foxtrot

Informant Foxtrot fortel om at ho var på tur med nokre som hadde meir kunnskap enn ho. I staden for å vere mindre delaktig vel Foxtrot å stille spørsmål om kvifor det er trygt å gå inn i skredterreng. Ho får då ei forklaring frå turfølgjet. På denne måten kan Foxtrot involvere seg sjølv i vurderingsprosessen og kan forstå på kva grunnlag vurderingane blir gjort. Horgen (2010) fremmar ferdråd sin demokratiske struktur og opne dialog som eigenskapar som grunnar for å motvirke konflikt og ueinigheit. Ved å involvere seg sjølv kan informanten få svar på det ho er usikker på. Når ho då får gode svar, kan ho også føle seg tryggare på å gå inn i skredterreng. I tillegg fortel informanten at ho av og til spør om moment ved

skredvurderinga som dei kanskje har tenkt har vore sjølvsagt men ikkje har blitt sagt. Enten så tek informanten opp noko som ikkje er relevant, men som turfølgjet kan forklare kvifor ikkje er eit problem. Eller så tek informanten opp noko turfølgje har gløymd å vurdere. På denne måten kan informanten vere med på å gjere vurderingane betre og toppturen tryggare sjølv om det er dei andre som har kompetansen til å vurdere. Informant Bravo fortel om at han tidleg vart sett på som *expert* i vennegjengen, men at dette endra seg over tid.

Når eg i starten gjekk med dei heime så hadde eg allerede stått i fem sesongar, og då låg alt på mine skuldrar. Men no har dei fått seg skredkurs og fått meir erfaring. Vi går gjennom ting kvar tur, Og no kan dei like mykje om ikkje meir. Man merkar veldig fort om folk kan noko eller ikkje. Og då går man kanskje ikkje dei turane man har lyst til å gå. Man vel gjerne noko litt roligere.

- Bravo

Informant Bravo fortel at han hadde meir erfaring enn vennane han gjekk med. Han følte då at ansvaret låg på han til å ta alle val. Derimot endra dette seg medan vennane fekk seg meir erfaring og kurs. På denne måten fekk også dei meir erfaring og kunnskap til å kunne bli med i vurderingane. På denne måten har vennane blitt meir delaktige slik at ansvaret blir fordelt. At fleire er med å vurdere kan hindre at ein overser informasjon om snødekket og kan slik vere hindre menneskelege faktorar. Når alle ikkje har kompetanse til å vurdere må ein tilpasse turen etter evne. Dette var med å påverke val av tur tidlegare. Men ettersom kompetansen auka kan ein velgje turar som stiller større krav til vurderingsevne. Dersom dei andre ikkje har kompetanse må ein ha sjølvinnsett til å velgje tur etter gruppas evne. Informant Golf fortel om å vere *expert* og dermed vere den som bestemte mest.

Eg trur at det har gått bra fordi eg er ganske konservativ. Eg vil ikkje gå inn i skredterreng og utfordre skredproblem. Så då held eg meg unna. Og så føler eg at mange av dei eg går på tur med til dagleg er ikkje så erfarne. Og det gjer at ofte blir det opp til meg å ta ei avgjersle. Og opp til meg å bestemme kor vi skal. Så derfor går det som regel bra. Eksempelvis så var vi på en tur i Januar der vi var på tur med fleire andre der dei andre som var med var ganske nybegynnarar. Eg trur ingen av dei hadde vore på skredkurs. Då var det eit lite parti på den toppen vi var på veg mot som var bratt. Det var utløpssone. Og det var svakt lag som var skredproblemet, og då tenkte eg at vi ikkje skulle utfordre skredproblemet. Så vi gjekk ein annan veg. Men det var andre som gjekk opp der etterpå. Eg tenke at når eg har med uerfarne så sette eg mitt eige liv på spel. For

dersom eg skulle bli tatt i skred så har dei kanskje ikkje kunnskapen til å finne meg og grave meg ut. For dei er ikkje så erfarne. Eg må vere konservativ på min egen vegne.

- Golf

Informant Golf fortel at ho ofte går på topptur med folk som har mindre erfaring enn ho. Det blir difor opp til ho og bestemme kvar gruppa skal gå. Noko som kan vere problematisk sidan berre ho tek vurderingar. Men dette har likevel vist seg å fungere bra fordi Golf fortel at ho er ganske konservativ i skredterreng. Informanten fortel at ho ikkje ønsker å oppsøke skredproblem for å teste dei. Og fortel at ho heller går rundt skredterreng. Ein kan halde seg trygg ved å unngå skredterreng (Tremper, 2018). Ved å unngå skredterreng kan informanten halde gruppa trygg. Samtidig tenker Golf at ho må vere konservativ, for om det skulle skje noko med ho så er det ikkje sikkert at dei andre har kompetansen til organisere ei redning. Også informant Echo opplev å vere *expert* i ei gruppa:

Jeg var på tur nå i helgen med tre jenter. Hun ene er en god vennine av meg og kan en del. Så vi tok med de to andre på en tur hvor vi bevegde oss utenfor skredterreng, men tett på utløpsområde. Vi gikk opp et 30 meter brett heng med skredterreng på begge sider. Det tok overraskende lang tid å forklare hvorfor det var trygt. Og de sa flere ganger at vi stoler på dere. Vi kan ingenting men dere kan jo alt. Vi bare følger etter. Men det er litt ekspert/halo. De så på meg som eksperten og bare, det jeg sa det stolte de på og fulgte med. Det snakka jeg og hun veninnen om i bilen til de. At dere kan ingenting. Dere har leid utstyr og omtrent aldri vert på tur før. Derfor bruker vi trekanten. Vær, snødekket, terreng. Det letteste da er å bruke terrenget. For å unngå skred. Da går vi ikke i skredterreng. Vi forklarte det, og så forklarte vi ekspert halo greia. Da forklarte jeg at jeg vet at dere stoler på meg, så da har jeg et veldig seriøst ansvar. Hvis det skjer noe i dag så er det min feil. For det er faktisk jeg som kan mest. For jeg tar dere villig med inn i fjellet hvor ting kan skje.

- Echo

Informant Echo fortel at han nyleg var *expert* på topptur då han var på topptur med tre venninner. To av desse hadde lånt utstyr og hadde nesten ikkje vore på topptur før. Desse to hadde dårlege forutsetningar for å kunne ta vurderingar i skredterreng. Den tredje hadde litt

erfaring, men Echo var den med mest erfaring. Informanten er godt kjend med dei menneskelege faktorane, noko som truleg gjorde det lett å identifisere at dette ville påverke turen. Og han ville bli *expert* i gruppa. Og forstod at han egentleg ville ta val på vegne av alle. For å fremme dialog forklarte Echo den menneskelege faktoren *expert*. Ved å påpeike den menneskelege faktoren gjer han alle bevisst på at den er aktuell på turen. Noko som gjer det lettare å motvirke den. I tillegg ønskte Echo at dei andre skulle forstå vurderingsprosessen. Difor forklarte han korleis han kunne bruke terrenget til å gå trygt. Og brukte tid på at dei skulle forstå argumenta han brukte. Informant Echo tok då tak i mange av ferdråd sine eigenskapar for at alle skulle bli einige om mål og ruteval. Dette samsvarar godt med den demokratiske strukturen av ferdråd som Faarlund (2015) beskriv. På denne måten kunne alle forstå og sei seg einige i argumenta han brukte.

Fleire informantar fortel at dei ofte lar dei andre bestemme fordi dei kan meir, eller dersom dei er på topptur med folk som kan mindre så endar dei opp med å bestemme. McCammon (2004) fortel at vi ofte endar opp med å stole på ein uformell leder. Utfordringa med dette er at leiaren ikkje nødvendigvis tar dei mest forsvarlege vala. Derimot kan ferdråd vere med å motvirke negativ innflyting av den menneskelege faktoren I *expert*. Når ein samlast i kretsen er det for at alle skal kunne delta i vurderingsprosessen. Når andre er *expert* har vi eit ansvar å spørje etter kvifor våre val er trygge. På denne måten kan *experten* få moglegheit til å komme med argumentasjon om kvifor det er trygt å gå inn i skredterreng. Dersom ein er *expert* i gruppa har ein ansvar om å komme med gode argument for vidare ferdsel. Grunnen til at ein samlast i kretsen og forklarar argumenta er for at alle skal kunne forstå på kva grunnlag argumentet blir gjort. Sjølv om ein då ikkje har kunnskap til å vurdere sjølv kan ein likevel avdekke om argumentasjonen ikkje er logisk.

Tracks

Den menneskelege faktoren *tracks* skjer gjerne når nokon i gruppa ønsker å gå fort opp for å være dei første som køyrer ned (McCammon, 2002). Det er vanleg at dette skjer når to ulike grupper konkurrerer om å køyre den urørte puddersnøen. Ein må då vere rask til toppen for at den andre gruppa ikkje skal komme opp før eiga gruppe. Ein går difor raskare enn normalt. Ved å sette opp tempoet får ein ikkje den nødvendige tida ein treng for å kunne vurdere snøstabilitet og ruteval. Ein unngår å samle gruppa fordi det tar tid. Informant Delta innrømmer at andre sine spor er med å påverke ho:

Jeg blir nok litt påvirket av andre sine spor, og jeg vil gjerne stå i den urørte snøen. Jeg kunne fint stått opp klokken fem for å være først ute. Det kommer an på hvem jeg går med, hvis de andre er ivrige på å komme først så er jeg det og, men viss gruppa er litt roligere så vil jeg følge gruppa og ta det rolig.

- Delta

Informant Delta har vore lite på topptur før, men har flytta nærmare fjella for å kunne gå meir. Det kjem også fram i intervju at informanten er ivrig på å gå på topptur. Og informanten fortel at ho blir påverka av andre sine spor fordi ho gjerne vil vere først ute. Når informanten fortel at ho vil *stå i den urørte snøen*, kan det i verste fall føre til den menneskelege faktoren *tracks*. Dersom informanten ser andre på topptur kan det føre til at ho prøver å komme før den andre gruppa. Dette kan føre til at ho brukar mindre tid på turplanlegging og skredvurdering. Dette aukar faren for at informanten går inn i skredterreng eller overser informasjon som kan påverke vurderingane. Faarlund (2015) fortel at det er viktig å sette av nok tid til ferdråd slik at ein kan vurdere forholda i fellesskap. Når ein då begynner å auke tempo får ein ikkje nok tid til å eit godt ferdråd. Dette hindrar at vurderingane kan bli gjort i fellesskap. Og det hindrar dermed ei felles forståing av skredrisikoen. Derimot kjem det fram i intervju at ho ikkje har hatt nokon negative opplevingar knytt til dette før. I motsetning til Delta har informant Foxtrot har opplevd at fokuset på å vere først påverka vurderingane på topptur:

Eg trur vi alle hadde målet om at vi skulle på den turen, vi skulle køyre den renna. Vi skulle være tidlegast ute. Før alle andre. Den skredvurderinga hadde liten plass på turen. Vi tenkte meir på å være tidlegast ut av alle andre.

- Foxtrot

Informant Foxtrot fortel om ein tur der gruppa prøvde å komme fram til nedkøyringa før alle andre. Denne følelsen av at ein kan miste moglegheita for å vere først til å køyre ned kallar McCammon (2004) *tracks*. Dette jaget etter å komme først førte til at gruppa brukte lite tid på skredvurderingar. Faarlund (2015) fortel at det er viktig å sette av nok tid til ferdråd slik at ein kan vurdere forholda i fellesskap. Sidan fokuset til gruppa var på å vere effektive opp for å få tid til nedkøyringa tok det fokuset noko vekk frå vurderingane. Hadde ein samlast til eit ferdråd kunne ein avdekka dette feilfokuset slik at ein kunne vurdere skredrisikoen på ein trygg måte.

Nokre informantar fortel at dei let seg påverke av andre sine spor, og ein må vere rask til toppen for å kunne køyre ned før den andre gruppa. Denne konkurransen om å komme først er ein menneskeleg faktor som McCammon (2002) kallar *tracks*. Sidan ein må vere rask til toppen brukar ein mindre tid på vurderingsprosessen. Dette kan føre til at ein ikkje får med seg fareteikn eller går inn i skredterreng utan å ha god argumentasjon til det. Derimot kan ein motvirke negativ påverknad av denne menneskelege faktoren ved å samlast til ferdråd undervegs. Ved å samlast i kretsen set ein av tid til å vurdere skredrisikoen i fellesskap. Faarlund (2015) framhev at eit ferdråd sørger for god argumentasjon. Dette vil gjere at ein kan finne ut om det er trygt å gå inn i skredterreng.

Social proof

Social proof er ein menneskeleg faktor som skjer fordi andre folk ser på det vi gjer, noko som gjer at vi tek større risiko for å bli lagt merke til (McCammon, 2002). Dette skjer gjerne når to grupper møtast på topptur. Dette kan føre til ein køyrer ned ein farlegare plass enn vanleg fordi ein skal vise seg fram. I samtale med informantane kom det ikkje fram erfaringar med denne menneskelege faktoren. Om dette er fordi den er mindre vanleg, vanskelegare å kjenne igjen eller vanskelegare å innrømme er vanskeleg å påpeike.

Ved å samle gruppa til eit ferdråd før tur kan ein finne eit felles mål for turen. Når ein då møter andre grupper har allereie ein einigheit om ein plan. Viss nokon i gruppa ønsker å ta større risiko kan ein vise til avtalen ein la fram i ferdråd. I tillegg vil ferdråd undervegs sørge for god argumentasjon slik at ein kan ta trygge val.

Meir enn berre FACETS

Gjennom analysearbeidet avdekka eg fleire menneskelege faktorar som ikkje stemmer overeins med McCammon (2004) sin beskrivingar av dei menneskelege faktorane i FACETS. Johnson et al. (2020) påpeikar at det teoretiske rammeverket for menneskelege faktorar ikkje dekker alle dei ulike faktorane. Eg har difor tatt med nokre menneskelege faktorar som informantane fortalde om i intervju.

Familiarity til snø

Ein annan form for *familiarity* som Informant Charlie har opplevd kan forklarst som kjennskap til snødekket. Dette skjer når ein har vore på topptur over fleire dagar. Å være kjent med snødekket vil ofte tenke vil gjere det lettare å ta meir informerte val på topptur. Etter fleire dagar med topptur begynner ein å bli kjend med snødekket, men om dette fører til at ein

ikkje følgjer like godt med blir det negativt. Enten ved at ein ikkje les skredvarselet like nøye som vanleg og dermed ikkje får med seg detaljane, eller at ein på topptur vert mindre observant og undersøkende til snødekket. Informant Charlie fortel om denne typen familiarity:

Jeg føler at hvis vi er på tur over flere dager selv om det ikke er i samme område så blir jeg mindre oppmerksom. Og jeg tenker at om man går i det samme område i flere dager og det ikke er veldig stor endring på vær og snøforhold og man ikke har funnet noe som er skummelt så kan man kanskje tillate seg å være mindre oppmerksom. Men viss man reiser til et nytt fjellområde er det jo helt annerledes. Da burde man begynne på scratch igjen. Og det gjør vi nok ikke.

- Charlie

Informant Charlie føler at ho lar seg bli mindre oppmerksom dersom ho går på topptur fleire dagar etter kvarandre. Dette sjølv om ho går på nye fjellområde. Dei første dagane er normale ved at ho prøver å undersøke skredproblemet og få ein forståing av stabiliteten i området. Og etter nokre dagar har ho fått ein god forståing av skredproblemet. Når ho då går ut på topptur ein annan dag tek ho med seg denne forståinga av snøstabiliteten og brukar den på desse nye dagane. Utfordringa med dette er at dei tidlegare observasjonane ikkje nødvendigvis stemmer med dagens skredproblem. Enten på grunn av lokale forskjellar eller endringar i skredproblemet. I tråd med *familiarity* med terrenget kan mindre merksemd og at ein ikkje leitar etter tilbakemeldingar frå snødekket føre til dårlegare vurderingsgrunnlag. Om ein går glipp av informasjon har ein dårlegare grunnlag for vurderingar, noko som kan påverke ruteval (Tremper, 2018). Det vil difor alltid vere viktig å undersøke dagens skredproblematikk. Ved å starte dagen med eit ferdråd kan ein samle gruppa, og lese gjennom skredvarselet slik at ein får ein felles forståing av skredproblematikken. Ein kan då få fram korleis skredproblemet har utvikla seg og gjere folk meir påpasseleg.

Acceptance of risk

Gjennom intervju kjem det fram to ulike situasjonar der turfølgje går vekk frå å analysere skredrisikoen. I staden vel dei å akseptere risikoen dei utsett seg for. Enten fordi dei har vurdert forholda til å vere farlege eller fordi dei ikkje har kompetanse til å vurdere. Uansett vel dei å køyre ned i skredterreng utan å ha god argumentasjon.

I kretsen min er det supervanleg å snu. For er du i tvil så er du ikkje i tvil. For du vil jo kome heim igjen.

- Bravo

Informant Bravo går over 100 toppturar kvar sesong og har naturlegvis måtte endre planane undervegs fleire gongar. I sitatet kjem det fram at dei han går med har ein positiv haldning til å snu. Vidare fortel informanten at han må vere sikker på sine val for å kunne køyre ned på ski. Dette viser til ei haldning til å ta trygge val. Derimot vel nokre folk å gå inn i skredterreng sjølv om dei ikkje er sikre på om det er trygt eller ikkje. Sjølv om informant Bravo fortel at han ofte snur fordi han ynskjer å vere sikker på forholda fortel han om ein hending der han gjorde det motsatte:

Vi gikk trygt opp. Og så stod vi å diskuterte om det var trygt å sette utfor en skavel. Og så kom vi fram til at det ikkje var heilt trygt, men så satt vi utfor likevel.

- Bravo

I sitatet fortel Bravo om ein gong han og ein kompis var på topptur. Dei kom opp til der dei hadde tenkt å køyre ned. Etter litt diskusjon kom dei fram til at det ikkje var heilt trygt. Likevel aksepterte dei risikoen og sat utfor. Det kjem fram under intervju at kompisen lausna og vart tatt av eit skred. Heldigvis gjekk det bra. Dei to føregåande sitata viser eit misforhold mellom haldning og handling. Informanten fortel at han snur dersom han er i tvil, men likevel vel han å køyre sjølv om han tenker snøen ikkje er stabil. Om ein er i tvil om det kan gå skred og likevel går inn i skredterreng, så akseptera man at risikoen er til stede. Så sjølv om informanten fortel at han tar sikre val i skredterreng tyder haldninga på noko anna. Ofte er det enklare å sei at ein skal gjere noko enn å faktisk gjere det. Truleg kan det vere fleire faktorar som spelar inn i slike val. I dette tilfelle var det langt å gå trygt tilbake, og det var like før det vart mørkt. Informant Alfa måtte også akseptere risiko på ein topptur, men dette var fordi gruppa truleg ikkje hadde kompetanse til å vurdere forholda:

Eg gjekk en tur opp mot et fjell i Ørsta som er litt innom skredterreng. Vi var på ein trygg plass på veg oppover. Og så såg vi at det gjekk eit skred på nabofjellet. Det var tre folk der, og det var den øverste som løsna skredet. Og vi trudde at to av dei var tatt. Vi stod klare til å ringe 113, då vi såg at folka kom seg ut. Det var eit stort skred, men vi valde likevel å fortsette sjølv om vi var innom skredterreng. Alle hadde med seg skredsøker, søkestang og spade. Ingen av dei andre hadde skredkurs, og dei visste heller

ikkje korleis dei skulle bruke utstyret. Eg følte at eg var den som faktisk kunne mest, og eg kan ganske lite. Eg tenkte at vi ikkje skulle gått opp hit, og no må vi finne ein tryggast mogleg veg ned igjen. Eg va så irritert, for eg prøvde å ha ein open samtale om det, men dei bagatelliserte det sann veldig. Eg gravde ned en skredsøker og ba dei grave den opp, og dei brukte over 30 minutt. Dei hadde ikkje peiling. Men så va dei gira på å renne et fett parti, som var over 30 grader, ganske langt og ganske breidt. Dei sa sann: Kva er sannsynet for at det går meir enn et skred på samme dag? Så bestemte dei tre at vi skulle køyre der, og eg sa at det var eg ikkje komfortabel med. Men då sa dei at dei skulle køyre ned her. Eg kunne gjere det eg ville. Eg turte ikkje å renne aleine ned, så eg vart med på det. Eg blir så sjukt sint på meg sjølv for at eg lot meg påvirke. (...) Det var sinnsjukt ubehageleg og eg var så redd, eg var dritredd. Eg trur eg begynte å grine, for shit så redd eg var. (...) Eg hadde vondt i magen i fleire månadar etterpå.

- Alfa

Informant Alfa går på topptur med nokre gutar. Dei ser ei gruppe lausne og nesten blir tatt av eit skred. Noko som burde fortelje dei at dette er ein dag som truleg er ekstra farleg då dei har fått klare faresignal. Feilaktig trur turfølgje at det er mindre sannsynleg at det vil gå skred denne dagen. Informant Alfa føler at det kan vere farleg å stå i skredterreng denne dagen men blir avvist. Gutane skal ned ein «kul plass» uavhengig av kva Alfa seier. Alfa må difor akseptere risikoen det inneber for å unngå å køyre ned aleine. Informanten prøvar å få til ein dialog tidleg på turen om skredrisikoen, men opplever å bli avvist. Før dei skal køyre ned igjen prøver ho å legge opp til eit ferdråd for å planlegge ein trygg nedkøyring, men blir avvist igjen. Dette tyder på eit manglande fokus på kommunikasjon og trygge ruteval blant turgruppa. I dette tilfelle gav det ingen resultat å prøve å samle gruppa til ferdråd undervegs. Derimot kunne kanskje eit ferdråd før turen avdekka ulike mål med turen. Eventuelt kunne det avdekka gruppas mangelfulle ønske til å lage ein turplan. Dette kunne vore ein måten å tidleg innsjå at gruppedynamikken ikkje kom til å vere god på tur. Alfa kunne då valt å ikkje bli med på tur, noko som ville vore tryggare. Heldigvis er det ikkje slik dei fleste toppturar. Informant Golf har i liten grad opplevd negative hendingar knytt til menneskelege faktorar og forklarar det slik:

Eg trur at det har gått bra fordi eg er ganske konservativ. Eg vil ikkje gå inn i skredterreng og utfordre skredproblem. Så helde eg meg unna. (...) Eg tenke at når eg har med uerfarne så sette eg mitt eige liv på spel. For viss eg skulle bli tatt i skred så har dei

kanskje ikkje kunnskapen til å finne meg og grave meg ut. For dei er ikkje så erfarne. Eg må vere konservativ på min egen vegne.

- Golf

Informant Golf er ein erfaren toppturentusiast med 19 sesongar, 50 toppturar per sesong og ein lang rekke med kurs. Ho har med bakgrunn i dette fått kunnskapen til å kjenne igjen skredproblemet. Frå sitatet kjem det fram at ho ønsker å vere konservativ i skredterreng. Viss det finns eit skredproblem så ønsker ho å holde seg unna. På denne måten akseptera ho ikkje risikoen av å gå inn i skredterreng når det er skredproblem til stede. Det kjem fram i intervju med informanten at ho går inn i skredterreng. Men då skal ho ha god oversikt over skredproblemet og vere trygg på at skredproblemet ikkje er aktuelt der ho går. Informant Charlie fortel om ein annan form for risikoaksept i skredterreng:

Jeg føler jeg ikke tar så mye risiko. Det er fordi jeg ønsker å vere forsiktig og trygg. Men jeg tar jo litt risiko. Jeg er jo i skredterreng. Men jeg føler jeg tar mindre risiko enn mange andre.

- Charlie

